HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

# Årsmelding 2025



# Nøkkeltal 2025

| | 2025 | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Besøk | 64 989 | 57 496 | 58 064 | 57 691 | 36 745 |
| Gjenstandar | 52 857 | 52 857 | 52 610 | 52 352 | 52 281 |
| Foto | 94 785 | 94 785 | 94 785 | 94 604 | 94 604 |
| Kulturhistoriske bygg | 135 | 135 | 135 | 135 | 133 |
| Verna Fartøy | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Publikasjonar | 35 | 25 | 9 | 13 | 5 |
| Utstillingar | 25 | 26 | 34 | 35 | 25 |
| Arrangement, konsert mm. | 323 | 258 | 100** | 306 | 257 |
| Driftsinntekter * | 87 698 | 81 551 | 76 871 | 68 122 | 62 608 |
| Årsresultat * | 5 406 | 2 999 | 580 | -867 | 389 |
| Eigenkapital * | 25 967 | 20 561 | 17 562 | 15 082 | 15 949 |
| Totalkapital * | 72 145 | 58 414 | 92 475 | 57 049 | 52 952 |
| Fast tilsette | 73 | 74 | 75 | 65 | 64 |
| Årsverk | 67 | 68 | 68 | 65 | 64 |
| A-melding (l&t- oppåve) | 196 | 219 | 199 | 201 | 187 |
| Sjukefråvær | 2,2% | 2,9% | 3,7% | 4,6% | 5,9% |

*tal i tusen kroner

** ikkje inkludert folkemusikkonsertar i juli.

# Organisasjon 2025



Årsmelding 2025
HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

# Forord frå direktøren

To store kulturhistoriske utstillingar var viktige i 2025. På Hardanger folkemuseum vart utstillinga «Dekor på tre» opna 4. mai. Utstillinga viser eit stort utval gjenstandar som har vore nytta til kvardags og fest. Felles for dei er at alle er laga av tre og at dei er dekorerte. Dei viser kor viktig estetikk og bruk av symbol på kvardagsting har vore, men dei viser òg at hendingar i samtida har sett spor i den folkelege kunsten og estetikken. Utstillinga «Frå skog til drake» vart opna på Voss folkemuseum 22. mai. Utstillinga viser verktøy brukt til trearbeid i ein periode på 800 år, frå grove øksar brukt til husbygging til knivar brukt til treskjering. Alle verktøya er henta frå samlingane våre. Felles for utstillingane er at dei peiker mot ein slags kulminasjon i dekor og ornamentikk; den nasjonale stilen eller drakestilen. I utstillingane kan ein sjå verk av stilskaparen Lars Kinsarvik og eleven hans Magnus Dagestad. Begge utstillingane er tekne godt imot av besøkande. Ikkje minst har det vore nyttig å arbeida med eigne samlingar. Dette har gitt oss meir kunnskap, betre oversikt og vore eit høve til å både rydda og dokumentera betre.

To jubileum er markerte i 2025. Nasjonalt har det vore ei rekke arrangement knytt til at det er 200 år sidan den organiserte utvandringa frå Noreg til USA tok til. Den 4. juli vart boka *Soria Moria. Utvandringa frå Voss til USA* lansert på Voss folkemuseum. Boka er skriven av Eirik Helleve og fortel historia om utvandringa frå Voss til USA fram til i dag.

Lagmannsstova i Agatunet er rekna for å vera Noregs eldste rettsbygning. Datering av tømmeret i bygningen skjedde i 2016 og viste at bygningen vart reist mellom 1220 og 1230. Sesongopninga i Agatunet vart dermed ei feiring av Lagmannsstova sitt 800-årsjubileum.

Ny kunnskap om Lagmannsstova kjem stadig fram. Grunna svikt i golvet vart det i samråd med kulturmiljøforvaltinga i fylkeskommunen undersøkt om det var trong for å setja inn tiltak. Då viste det seg at det nyaste golvet låg oppå eit eldre golv. No vil dette bli undersøkt nærare, og dette kjem til å gje oss meir og ny kunnskap.

Å få tilslag på ein søknad til Forskingsrådet må seiast å vera ein sensasjon og ei viktig milepåle for eit museum som vårt. Prosjektet er eit samarbeid mellom Musea i Sogn og Fjordane, Museum Vest,



Direktør Åsmund Kristiansen. Foto: Silje Ensby, HFS

Hardanger og Voss museum og Universitetet i Bergen. Det finansierer hovudsakleg stillinga til ein stipendiat (Ph.d./doktorgrad) i tre år frå 2026, men vil òg føra til noko forskingsaktivitet ved dei tre musea. I tillegg til å bygga ny kunnskap vil det styra samarbeid og samhandling mellom musea og universitetssektoren.

Opninga av nytt publikumsbygg ved Hardanger fartøyvernsenter, Kulturnaustet, er likevel det største høgdepunktet i 2025. Det første vedtaket styret i Hardanger og Voss museum gjorde i høve utvikling av dette prosjekt, som då hadde namnet «Over bekken», var i 2007. I saksutgreiinga kan me lesa at administrasjonen såg at dette kunne ta noko tid:

*«HFS har lenge hatt trong for utvida lokale og meir areal. Etter vedtak i reguleringsplan for Norheimsund vest, er me komne eit langt steg vidare. Kvam herad har avtale om å løysa inn den aktuelle eigedomen 'ICA-tomta'.*

*Her er likevel eit langt stykke å gå, og me har valt å organisera det vidare arbeidet som eit prosjekt, forankra i leiargruppa i HFS/Hardanger museum og i ei styringsgruppe med gode eksterne krefter.»*

Sidan 2016 har det vore arbeidd intensivt og målretta med prosjektering og finansiering under namnet «Tett på». I 2021 fekk me vita at det skulle bli prioritert i statsbudsjettet for 2022 og påfølgjande år. I 2023 signerte me kontrakt med totalentreprenør Åsane Byggmesterforretning AS. Arkitektar har vore Geoplan AS ved Solveig Valland, og Lars Berge (LJB AS). For å koma i mål i høve finansiering måtte me kutta i prosjektet, dvs.

*«Som eit museum og nasjonalt fartøyvernsenter som mottek offentleg støtte pliktar me å følgja nasjonale, regionale og lokale målsetnader på felta våre. Eg vonar denne årsmeldinga svarar på korleis Hardanger og Voss museum sine avdelingar har løyst dei nasjonale, regionale og lokale samfunnsoppdraga i 2025.!»*

redusera storleiken på bygningen. Det greidde me utan å redusera fasilitetane for publikum, og det reduserte budsjettet har me greidd å halda oss innafor. Etter eit halvt års drift er me svært nøgde, og det same er dei besøkande.

Mange av restaureringsprosjekta som Hardanger fartøyvernsenter arbeider med går over fleire år. Det har i løpet av året vore arbeidd på 18 større og mindre prosjekt. 2025 var òg eit spanande år i høve oppdrag på bygningsvern. Eit relativt stort og viktig oppdrag var restaurering av Strandebarm kyrkje, som vart gjennomført i løpet av 2025. Kyrkjeleg fellesråd i Kvam og Riksantikvaren har båe uttrykt at Hardanger fartøyvernsenter har vore ein god samarbeidspart og bidrege til suksess i prosjektet.

Ein ny vidareutdanning i fartøyvern på fagskule er eit stort steg framover. Det er ein måte å få ein struktur som kan bidra til å føra vidare og utvikla kunnskap som har vore bygd opp over mange år i fartøyvernfeltet. Vidare er det ein måte å heva det formelle kompetansenivået i fartøyvern, slik at det vert lettare for eigarar og forvaltning å stilla krav til oss og andre som tilbyr handverkstenester. Og ikkje minst, dette vert eit personleg løft for dei som deltek på utdanninga.

Som eit museum og nasjonalt fartøyvernsenter som mottek offentleg støtte pliktar me å følgja nasjonale, regionale og lokale målsetnader på felta våre. Eg vonar denne årsmeldinga svarar på korleis Hardanger og Voss museum sine avdelingar har løyst dei nasjonale, regionale og lokale samfunnsoppdraga i 2025. Slik vi sjølve oppfattar det, jobbar organisasjonen godt og har ei profesjonell drift. Sjukefråværet er lågt, noko som kan tyda at folk trivst på jobb. Det same inntrykket gjev medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført like før årsskiftet og er under handsaming i 2026.

Eg takkar alle kollegaer for eit godt samarbeid i 2025. HVM har både styrefart og ein god kurs. Takk òg til styret og eigarstyra for godt samarbeid. Alle dei som gjev oppdrag til HVM av ulike slag, frivillige som er knytte til HVM, tilskotsytarar, forvaltning og andre samarbeidspartar skal ha stor takk!

Åsmund Kristiansen

Direktør
Åsmund Kristiansen






Bilete til venstre: Fagseminar med blant anna professor Jostein Bakke i samband med utstillinga til James Webb «*Glacial feelings*». Foto: Kabuso.  Til Venstre: Kunstnaren James Webb sette opp høgtalarar ved Folgefonna. Foto: James Webb

# 1. Solid kunnskapsproduksjon

Hardanger og Voss museum (HVM) har hatt eit mål om å auke eigen kunnskapsproduksjon, og me ser det som viktig at fleire tilsette har høve til å arbeida deler av året med fagleg fordjuping og utvikling innan tema som er relevante for HVM sine kunnskapsbehov. Dette målet handlar om at det vert stilt krav til oss som museum og nasjonalt fartøyvernsenter om at me skal driva med forsking og kunnskapsutvikling. Men det interne perspektivet er òg viktig, det handlar då om at HVM har eit fagmiljø der det er stimulerande og utviklande å arbeida. I vår eigen strategiske plan har me sett opp ei liste over konkrete mål me ynskjer å nå.

HVM har vore sentral i oppbygginga av forskingsinfrastrukturen som er etablert mellom musea i Vestland dei siste åra. I 2025 vart samarbeidet ført vidare i prosjektet «Å forske saman», støtta av Vestland fylkeskommune. Her vart det utvikla og søkt om stønad til forskingsprosjektet «The Nature of Museums: On the interweaving of Nature and Culture in Museums» (NAMUS). Dette er eit samarbeid mellom Musea i Sogn og Fjordane, Museum Vest, Hardanger og Voss museum og Universitetet i Bergen. Prosjektet fekk tilslag på søknaden i Forskingsrådet. Det er leia av Universitetet i Bergen og finansierer eit doktorgradsprosjekt og noko forsking ved dei tre musea som er del av prosjektet.

Ein medarbeidarar har delteke på etterutdanning for museumstilsette ved Universitet i Bergen, på kurset «MUSE 620 - Å forske i og på museum» og ein på kurset «MUSE 621 Vitskapleg publisering for museumstilsette».

Agnete Sivertsen, formidlingsleiar ved Hardanger folkemuseum, sin fagfellevurderte artikkel «Skautfelling» vart publisert i Norsk museumstidsskrift i 2025. I artikkelen undersøkjer ho mellom anna korleis ein som utøvar kan nytta metodar henta frå handverksforsking til hjelp i læreprosessen av eit tradisjonshandverk. Forskinga er knytt til skautfellingsprosjektet, og inngår i HVM sin forskingsplan. Skrivinga har gått føre seg på skrivesamlingar i regi av forskingsinfrastrukturprosjektet. Forskinga som ligg til grunn for artikkelen har vore presentert på interne og eksterne forskingsseminar, på det nasjonale museumsmøtet 2025, og på lanseringa av Norsk museumstidsskrift. Eitt av måla med forskinga er å kunne produsera skaut, og no er den produksjonen så smått i gang. Ho leverte fire skaut til sal før jul, med påfølgjande artikkel i Hardanger folkeblad (06.01.26).

Det har også vore jobba med ein fagfellevurdert artikkel til, som no er i prosess for publisering («Jakteskippernes natur» av Heidi Richardson).

Eirik Helleve er avdelingsleiar ved Voss folkemuseum og har arbeidd mykje med utvandringa til USA. På den amerikanske nasjonaldagen 4. juli 2025 lanserte han boka «Soria Moria. Utvandringa frå Voss til USA». Voss var ei av dei heilt store utvandringsbygdene i Noreg, og denne boka er den fyrste samla framstillinga av den lokale utvandringshistoria.

Ein ny formidlingstekst om bilethoggaren Ingebrigt Vik, skriven av Wim van den Toorn, vart trykt og tatt





i bruk i løpet av året («Ingebrigt Vik, Ein meister i tystnad og detalj / A master of silence and detail»).

Formidlingsleiar ved Voss folkemuseum, Helena Kjepso, er i gang med forskingskurset ved UiB og vil halda fram med å utvikla prosjektet sitt i 2026.

Det har i løpet av 2025 vorte publisert fleire populærvitskaplege artiklar i fleire tidskrift; i Gamalt frå Voss, der Eirik Helleve er redaktør, i Årboka Hardanger, Årsskrift for Vestnes sogelag og i magasinet Fartøyvern. Helleve skreiv i alt tolv avisartiklar og to artiklar til årbøker om utvandring, og gjennom året heldt han i tillegg femten foredrag om emnet.

For at eit fartøy skal få offentleg tilskot til restaurering, må det liggja føre såkalla grunnlagsdokumentasjon. Dette er dokument som er viktige for avgjerder i prosjekta, og styrande for restaureringa. Dei tre nasjonale fartøyvernsentra utarbeider kvart år ein del slike dokument, som kan innebera omfattande kjeldegranskingar og ofte fører til viktig kunnskapsutvikling. Frå HVM si side vart det levert over fire årsverk til denne typen arbeid, inkludert restaureringsplanar og sluttrapportar. Eitt av dei større arbeida som var ferdige i 2025 var teknisk-historisk dokumentasjonsrapport for bilferja M/F Folgefonn I.

Hardanger fartøyvernsenter utviklar og søker årleg fagutviklingsprosjekt på fartøyvernfeltet, gjerne i samarbeid med andre aktørar. Over mange år har dokumentasjon av gaffelrigg vore eit omfattande og sentralt prosjekt, ettersom HFS har eit særskilt ansvar for kunnskap om rigging. Eit anna spesialfelt for HFS er trearbeid på stålfartøy, slik som innreiing og dekkslegging. Sidan HFS har spesialkompetanse på klinkbyggingsteknikken, er det òg nokre prosjekt om små og opne båtar. Videodokumentasjon av handverksteknikkar er òg eit av HFS sine spesialfelt, noko som har resultert i prosjekt. I alt var det gjort arbeid med fagutviklingsprosjekt for 1,2 millionar kroner i 2025.

Det vert lagt merke til at HFS leverer solide resultat både når det gjeld kjerneaktiviteten og i dei ulike fagutviklingsprosjekta. Det at me er aktive i å skaffa fram ny kunnskap på fagfelta, er med på å styrkja posisjonen som eit leiande kompetansesenter i fartøyvernet.

Me har i 2025 vore partnar i eit  internasjonalt fagprosjekt finansiert med EØS-midlar. Prosjektpartnaren var ein gresk organisasjon med ynske om å styrka dei tradisjonelle trebåtane sin posisjon. Me gjennomførte workshops og fagarbeid. På nettsida  https://woodenboatsforever.com/  kan ein lesa meir om prosjektet. HVM har som ambisjon å fortsette samarbeidet med organisasjonen i eit nytt EØS-prosjekt.

Fagseminaret «*Glacial feelings*» blei organisert som del av utstillinga til den sørafrikanske kunstnaren James Webb i Kunsthuset Kabuso. Tema var korleis me lever med og forstår isbrear og kreftene som no endrar dei, med føredrag av professor Jostein Bakke, kunstnar Jana Winderen og kunsthistorikar Anthea Beuys. Seminaret blei godt dekka av pressa, og det høgaktuelle temaet kunne sporast også i nasjonale media.

Museets tilsette har elles halde ei rekke innlegg og foredrag på ulike seminar og samlingar rundt om i landet.

# 2. Relevant formidling

Hardanger og Voss museum sine formidlingsarenaer skal vera tilgjengelege for alle. Målet er at me skal vera i dialog med eit breitt publikum. Å gje born og unge eit møte med kunst og kulturarv gjennom museum, er ei prioritert oppgåve.

HVM har ei generell auke av besøkstal som mål. Det krev mellom anna at museet når ut til nye grupper. I 2025 passerte HVM 60 000 besøkande med god margin og hadde ein auke på 10,6 %. Målet no er 70 000 besøkande.

Me jobbar kontinuerleg med å finna dei rette opningstidene for å vera tilgjengelege, både for lokale folk og for tilreisande. Med det nye publikumsbygget ved Hardanger fartøyvernsenter, Kulturnaustet, har me fått enda eit museum med helgeope.

Kunsthuset Kabuso tilbyr årskortet KabusoVen som gjev gratis inngang i utstillingane og rabatt på konsertbillettar. Kvar fyrste torsdag i månaden er gratis for alle i utstillingane. I 2025 har me prøvd ut eit fleksibelt prissystem der den einskilde kunne velja ein billettpris mellom 60 og 120 kr. Bakgrunnen for tiltaket var todelt: den eine var å forenkla rabattordningane våre, den andre var ei undersøking av kva publikum var villige til å betale for utstillingsbilletten. Rabattordningane hadde tidlegare halv pris for pensjonistar og studentar. Erfaringa etter eitt år er at i låg- og skuldersesong er det eit lite fleirtal som betalar full pris, i høgsesongen eit fleirtal som betalar halv pris. Med tanke på at det er flest turistar og tilreisande i høgsesong, tolkar me det slik at for desse gruppene er billettprisen for høg. For besøkande i låg- og




Spørsmål til Folgefonna frå dei besøkande i Kabuso i samaband med utstillinga «Glacial feelings». Foto: Karen Korssjøen, Kabuso.

skuldersesongen ser det ikkje ut til at prisen tel like mykje for den personlege lommeboka, men det kan òg vera at dei ynskjer å støtte drifta. Rett nok ser me at det er fleire som betalte 120 kr i første del av 2025 enn på hausten, så her kan ei tilvenning til ein pris på 60 kr spela inn. Me ynskjer å fortsetta med dette tiltaket i Kabuso, då det inngår i strategien med å vera tilgjengeleg for så mange som mogleg.

Medvitet om universell utforming av tilboda våre har auka dei seinare åra. Det største løftet som er gjort i 2025 er knytt til Hardanger fartøyvernsenter sitt nye formidlingsbygg, Kulturnaustet, med uteområde og infrastruktur. Her er mange store og små detaljar med på å gjera tilboda tilgjengelege for alle. Voss folkemuseum har hatt ei positiv ekstern evaluering av universell utforming.

## Agatunet, Hardanger folkemuseum og Skredhaugen

Ordførar i Ullensvang, Roald Aga Haug, opna utstillinga «Dekor på tre» 4. mai. Utstillinga står i storsalen på Utne og har mange gjenstandar frå samlingane til Hardanger folkemuseum. Me har ikkje gjennomført undervisningsopplegg knytt til «Dekor på tre» enno, det kjem i 2026. Grunnen er at me har vore nøydd til å søka prosjektmidlar til innkjøp av utstyr og innleige av fagfolk til å ha opplegg knytt til karveskurd og rosemåling.

Forfattaren Sverre Strandenes lanserte den nye boka si, *En reise blant rosemalere i Hardanger*, på Hardanger folkemuseum 16. januar. Boka skildrar lokale og tilreisande bygdekunstnarar som var aktive med rosemåling i Hardanger i perioden 1780–1880.

I Agatunet har me hatt utstillinga «Lagmannsstova – 800 år – fortalt med penn, pensel og kamera». Utstillinga har omfatta skisser frå Agatunet av arkitekt Georg Fr. Fasting og foto av Elisabeth Emmerhoff. Stiftelsen Agatunet, i samarbeid med kunstgruppa og Hardanger folkemuseum, gav ut boka *Storstova på Aga – Lagmannsstova*.

Skredhaugen, museumstunet på Lofthus, har hatt kunstutstillinga «Fuglerommet» med verk av Bjørg L. Strømme. Utstillinga var arrangert i samarbeid med Skredhaugens vener. Skredhaugens vener har òg foredrag og aktivitetar på onsdagane i juli. Felefylgje-konsertane i regi av hardingfela.no er dei same dagane som det er arrangement.

Barnehagen er fast på besøk gjennom året og får delta i aktivitetar knytt til folkemusikk, tradisjonsbakst og anna. I Agatunet er det ei barnehageutstilling, «Riddaren og huset hans», der borna har fått kunnskap om lagmannen og livet hans.

Formidling knytt til tekstilfeltet har vore omfattande i 2025. Kjernen i dette er korte og lengre handverkskurs i ulike teknikkar, både for born og vaksne. Dette er nærare omtalt i kapittel 6, under «Tekstil».

## Granvin bygdemuseum

Året starta med at trekkspelsamlinga etter Arnvid Lillegraven vart flytt frå Voss kjøttindustri sitt bygg på Røynstrand til eit godt lokale i kjellaren i det gamle Heradshuset på Eide. Dette vart organisert som eit dugnadsprosjekt, der kulturetaten i Voss herad stilte mannsterke. Vaktmeistrane i Granvin, leiar i Granvin Sogelag og medlemmer i Bygdatunets



Årsmelding 2025
HARDANGER OG
VOSS MUSEUM




I småbåtverkstaden på Hardanger fartøyvernsenter. Foto: Silje Ensby, HFS

vener deltok også.

Første spadetak for ny barnehage i Granvin vart teke av ordføraren i Voss herad den 8. januar. Byggearbeidet har halde fram gjennom heile året utan sjenanse for arbeidet i bygdetunet. Flaumsikringa i bygdetunet har vorte forsterka med ny mur framfor dei nyaste grindbygga. Muren har forsterka flaumsikringa for dei gamle bygningane i tunet. Krav om forsterka flaumsikring er knytt til byggeløyvet til den nye barnehagen.

Det har vore to dugnader i bygdetunet: ein i slutten av april, og ein framføre bygdedagen som vart halde i tunet 30. august – med stort frammøte.

I forkant av markering av 80-årsdagen for slutten andre verdskrig, vart det utført vedlikehaldsarbeid på minnesteinane på kyrkjegarden og på Ystås. Formannskapssteinen i Klokkarhagen vart også vaska og skrifta på steinen fornya – dette med innleigd hjelp frå Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland. Arbeidet vart organisert av leiar i Granvin sogelag, av Thor Trå frå kulturetaten i Voss herad, og leiar i Bygdatunets vener.

Også i år har me hatt ettermiddagskonsertar kvar torsdag i juli. Desse konsertane har vore godt besøkte, slik også i år. Om lag 100 tilhøyrar har vore innom i sumar. Dei som har delteke i år er:

- Knut Hamre
- Ruth Lillegraven
- Ranveig Djønne
- Svein Laingen Kjerland
- Are August Flannangen Furubotn
- Åsmund Nesbakken Røynstrand
- Olina Festø Kjerland

Stor takk til Alexander Aga Røynstrand som organiserer konsertane.

Samlinga av lav og mose etter botanikaren Johan Havaas (1864–1956), har ei eigen foreining. Deler av samlinga er i Granvin bygdemuseum. Årsmøte i Havåssamlinga vart halde 21. september, og Magne Røynstrand held fram som leiar.

Med bygdedag, ettermiddagskonsertar, skuleklassar, barnehage og andre som har vitja tunet gjennom året, reknar bygdetunets vener med at om lag 300 har vitja tunet dette året.

## Voss folkemuseum

I mai opna Voss folkemuseum utstillinga «Frå skog til drake». Her viser me fram verktøy brukte til trearbeid – mellom anna grove økser, store og små høvlar, hjulmakarverktøy og knivar. Med nokre få unnatak er alle verktøya henta frå samlingane til Voss folkemuseum. Verktøya vert stilte ut i montrar som me fekk frå Nasjonalmuseet i Oslo. Me viser òg nokre filmar i utstillinga, mellom anna ein nylaga film av Silje Ensby ved Hardanger fartøyvernsenter, der tre handverkarar fortel om favorittverktøyet sitt. Utstillinga vart opna av Peter Helland-Hansen, båtbyggjar ved Hardanger fartøyvernsenter, og ho skal stå framme til hausten 2026. Utstillinga har fått mykje skryt, og i august viste me rundt Noriyoshi Tsuruoka, arkitekturprofessor frå Japan som er spesialist på restaurering, verktøy og tradisjonshandverk.

Året var elles prega av to jubileum. I 1950, på sin eigen 85-årsdag, opna treskjeraren og skulemannen Magnus Dagestad (1865–1957) eit museum over





Bilete til venstre: Drikkehorn laga av Magnus Dagestad. Foto: Kjell Herheim. Til høgre: Frå utstillinga «Frå Skog til drake». Foto: Tine S. Kjosås, HVM.

sitt eige livsverk. Etter at han døydde dreiv familien det vidare, heilt til Hardanger og Voss museum tok over ansvaret i 2016. I 2025 fylte altså museet 75 år, og dette vart markert. I slutten av mars lanserte me eit hefte om museet, og samstundes vart eit flott drikkehorn vist fram for fyrste gong på lenge. Dagestad laga drikkehornet i 1897, og det har vore i privat eige fram til det nyleg vart kjøpt tilbake til bygda. Det er no eigd av Voss Sparebank, som har lånt det ut til museet. Saman med nokre andre Dagestad-gjenstandar er drikkehornet stilt ut i utstillinga «Frå skog til drake». Det er vanlegvis ikkje faste opningstider på Dagestadmuseet, men i jubileumsåret hadde me ope dei fire sundagane i juli.

Det andre jubileet kan ein seia var både nasjonalt og internasjonalt: I 2025 var det 200 år sidan den fyrste organiserte utvandringa frå Noreg til USA, og me hadde nokre arrangement knytt til det. I slutten av januar samarbeidde me med Memoar om ein forteljarkveld, der alle som møtte var inviterte til å dela familieminne frå utvandrarar. Organisasjonen Memoar arbeider med å ta vare på munnlege forteljingar. I februar hadde me foredragskveld med Kari Bye, som budde i USA 1957–86. Bye fortalde om åra sine i USA, og dette var eitt av dei best besøkte foredraga me har hatt nokon gong. Styrar ved museet, Eirik Helleve, har dei siste åra arbeidd med ei bok om utvandringa frå Voss til USA, og den boka vart lansert i juli. Han har halde ei rekkje foredrag om boka, mellom anna tre foredrag for avgangsklassane på Voss Gymnas.

Dei foredraga vart haldne på gymnaset, men det er langt vanlegare at skuleelevane kjem til museet. Det var eit jamt skulebesøk gjennom året. Nokre skular kjem hit ofte – Ole Bull Akademiet sender studentane sine hit kvar veke, medan me i januar og februar også i år hadde besøk frå Bergens-skulane Amalie Skram og Danielsen. Me prøvde òg ut to nye opplegg: Femte klasse ved Gullfjordungen skule kom hit seks gonger, der me under kvart besøk konsentrerte oss om to–tre av husa på Mølstertunet. Me hadde ikkje joleverkstad dette året, av di me viste ei utstilling i salen. Me laga i staden nokre adventsaktivitetar – leiting etter nisse-gjenstandar på tunet, og ein enkel joleverkstad i Olofsstova øvst i Samlingsbygget. Dette var eit tilbod dei fire adventssundagane, og det var godt besøkt. Gullfjordungen skule sende to grupper hit på ein vanleg skuledag, slik at elevane fekk prøvd dette. I desember gjennomførte me som vanleg formidlingsopplegget «Jol i gamle dagar» for dei elevane ved Voss ungdomsskule som ikkje ynskte å vera med på skulegudstenesta.

I sommarsesongen hadde me i år konsertar med den unge hardingfelespelaren Martin Gjeraker Haug kvar vekedag i juli, dette er i regi av Felefylgje-opplegget til hardingfela.no. Voss bygdekvinnelag demonstrerte også i år baketradisjonar kvar fredag i juli. Det meste av formidlinga om sommaren er det omvisarane våre som tek seg av, og også i år var me svært godt nøgde med innsatsen deira.

## Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Storeteigen har dette året vore ope for publikum ved arrangement. Det har vore to faglege foredrag: 5. juni heldt bygningsvernkonsulent Anne-Lise Brask Eriksen foredrag om kroting (dekormåling) og 4. september forfattaren Sverre Strandenes med tema «En reise blant rosemalere i Hardanger, med søkelys på Kvam». For desse foredraga var Fortidsminneforeininga Hardanger lokallag medarrangør.







Graskarverkstad på Storeteigen. Foto: Tine S. Kjosås, HVM.

29. oktober vart det gjennomført eit familievenleg arrangement, graskarverkstad. Elles kan me nemna at Øystese idrettslag nytta tunet som base for Hardanger halvmaraton.

Kvam kulturskule har eit kulturarvtilbod kalla Nøringen for dei yngste borna. Både Nøringen og andre grupper har nytta Vavollstova for tradisjonsbakst.

Våningshuset har vore nytta for overnatting for kunstnarar og musikarar som har hatt ulike samarbeid med Kunsthuset Kabuso.

Tilsette har bidratt til utgjeving av bok med tema «jonsok» ved Torill Lutro Austlid.

## Hardanger fartøyvernsenter

Opning av det nye formidlings- og publikumsbygget Kulturnaustet var den største hendinga i 2025. Etter lang tid med utvikling og planlegging, hadde me berre tre veker frå vi fekk tilgang til bygget til dørene opna for publikum 2. juni. Alt opningsdagen tok me imot grupper til omvising og lunsj. I løpet av den første veka kom om lag 200 gjester på gruppebesøk, og me kunne konstatera at det nye bygget fungerte over all forventning. Me har fått eit heilt anna utgangspunkt for å skapa gode opplevingar for dei besøkande.

I samband med nybygget vart det utvikla eit nytt formidlingstilbod retta mot barn og familiar. Dei besøkande får eit «svennebrev», med stempel for kvar dugleik dei tileignar seg og øver på. I det nye bassenget kan ein prøva båtar bygde av restmaterial i familieverkstaden. Her er det lagt til rette med nye verktøykister, og posten der besøkande kan prøva klinketeknikk er fornya og oppgradert.

Familieverkstaden ved hovudinngangen har vore svært populær denne sesongen, og lyden av saging og hamring har lege som eit stemningsskapande lydteppe gjennom heile sommarsesongen.

Me produserte òg ei ny, eigenutvikla mellombels utstilling til opninga av Kulturnaustet. Utstillinga formidlar kva fartøyvern er, og viser arbeidet i dei ulike verkstadene med naturmaterial som ein raud tråd. Utstillinga gir dei besøkande grunnleggjande referansar og forståingspunkt for arbeidet som kan observerast i verkstadene.

Tidlegare formidlingsleiar ved HFS, Randi Storaas, har laga fleire kulturhistoriske forteljingar eller program basert på historiske og nye foto. Dei har me kalla «biletspel», og det fyrste vart laga i 1989, basert på dias. No er to av desse fornya med nye skanningar og justeringar: «Då sjøen var vegen» og «Nordlandsfarten». Med dette er den kulturhistoriske formidlinga styrkt i ein ny filmsal med høg kvalitet på lyd og bilete.

Kulturnaustet har vore arena for eigne arrangement, seminar og undervisningsopplegg, og har i tillegg gjort oss meir attraktive som samarbeidspartnar og arena for andre kulturaktørar.

Nytt kafétilbod er etablert i samarbeid med reiselivssatsinga til Innovasjon Norge, «Fram Hardanger», og matfagleg rådgjevar Bjørn Hettervik. Kaféen har blitt ein attraktiv møteplass for lokale.

Me bygde òg ein ny butikk, med eit breitt utval eigne produkt frå reiparbana og smia, i tillegg til bøker og suvenirar.

I 2025 hadde vi to særleg store arrangement: Offisiell opning under Hardanger Trebåtfestival og





Kultur- og likestillingsminister, Lubna Jaffery svingte bila og opna Kulturnaustet etterpå fekk ho døype den nye båten til Kyslaget på Ås. Foto: Silje Ensby, HFS.

Wings & Wheels Hardanger, i samarbeid med Kvam Veteranvognklubb.

Den kulturelle skulesekken (DKS) for fjerde trinn, «Planktonsafari» vart òg i år ein stor suksess. Der får elevane fyrst vera med ut i robåtane og ta vassprøvar før dei får sjå det yrande planktonlivet i fjorden gjennom mikroskop, blåst opp på storskjerm.

Eit anna DKS-opplegg, «Forma i tre», for elevar på andre trinn, fungerte godt i år òg. Der får elevane høve til å laga sin eigen leikebåt i båtverkstaden, og får prøva ut ekte verktøy saman med handverkarane. Åttande trinn har opplegget «Tau i bruk». Då tek dei til på reiparbana, der dei får læra korleis tau vert laga og set utviklinga av tauet inn i ein historisk samanheng. Dei lagar seg eitt eller to tau i fellesskap. Dei lærer seg å laga knuten «apeneve», og dei har ein del andre aktivitetar med tau.

Grunna lite midlar hjå DKS kunne dei diverre ikkje dekka reiseutgifter hausten 2025 som dei plar, men me fekk likevel gjennomførd tre DKS-opplegg i år.

Me har halde fram det gode samarbeidet med Kvam kulturskule som brukar fartøyvernsenteret som arena for deler av sine aktivitetar. Mellom anna er Nøringen, kulturarvaktivitetar for dei aller minste, hjå oss kvar onsdag.

Når det gjeld digital formidling har det vorte produsert 20 videoar for sosiale medium i året som gjekk. Det er solide tal på videovisningar:

Facebook: 13 996 402
Instagram: 4 150 000
YouTube: 2 845 000

Talet på fylgjarar i sosiale medium aukar framleis og me passerte ein halv million fylgjarar på Facebook denne hausten. I alt ser tala på fylgjarar slik ut:

Facebook: 504 000
Instagram: 82 900
YouTube: 35 700

Hausten 2025 tok det fyrste kullet ved fagskulen Fartøyvern til. Der vil me fylgja det første kullet med produksjon og publisering av korte videoar frå bygginga av fagskulebåten, ei losskøyte teikna av den kjende konstruktøren Colin Archer.

## Hardangerjakta «Mathilde»

Det var arrangert totalt åtte veker med leirskule på SJ Mathilde i 2025, i tillegg til to skuleturar på våren. I juli vart det atter ein gong skipa til sommarseglas i samarbeid med Kysten ung, denne gongen frå Osøyro til Haugesund.

Mathilde fekk i 2022 midlar frå Bufdir for å tilby ferieopplevingar om bord, og 2025 var det siste året med prosjektet. I samarbeid med Ung Fritid Kvam og Ferieklubben i Fusa vart det arrangert dagsturar med totalt 96 born og 29 vaksne, og det vart gjennomført to ungdomsturar med totalt 30 ungdommar. Utover dette har Mathilde hatt små og store utleige-oppdrag. I september deltok Mathilde på Nordisk gaffelriggseminar i Bergen.

## Marknadsføring og reiselivsutvikling

Som tidlegare år har musea har hatt tett og god dialog med turistkontor og destinasjonsselskap. Me har delteke i eit pilotprosjekt i regi av Visit Hardangerfjord, der me har fått tilgang til å gjera endringar i eigne oppføringar i databasen deira.




HARDANGER OG
VOSS MUSEUM






Ny utsikt og museumsbutikk. Alle foto: Silje Ensby, HFS.





Det vart folkefest under opning av Kulturnaustet 14. juni. Alle foto: Silje Ensby, HFS.





Bilete til venstre: Direktør ved HVM Åsmund Kristiansen, Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery, Ordførar i Kvam Torgeir Næss og fylkesordførar i Vestland fylkeskommune Jon Askeland. Bilete til høgre: ny folkefest med Wings and Wheels i August. Alle foto: Silje Ensby, HFS.



Vikingen og SJ Mathilde på veg ut fjorden. Foto: Silje Ensby, HFS

I 2025 starta destinasjonselskapet arbeidet med å utvikla ein ny reiselivsstrategi for Hardanger-regionen. I denne prosessen har me delteke i fleire innspelsmøte og ved fleire høve fått mogelegheit til å uttala oss. Samstundes med arbeidet med reiselivsstrategien skal Hardanger-regionen bli sertifisert som eit berekraftig reisemål. Dette er ei sertifisering som Voss alt har.

Stadig fleire reisande kjem til Hardanger, og tal frå SSB syner at regionen har hatt ein auke i kommersielle overnattingsdøgn samanlikna med nivået før pandemien. Det er framleis stor sesongvariasjon i Hardanger- og Voss-regionen. Fleire vitjar Hardanger-regionen i vår- og sommarmånadene, medan det på Voss er ein stor auke i utanlandske hotellovernatting i vintermånadene. Dette viser at det er eit potensiale for meir besøk på musea rundt Voss i vintersesongen.

For å marknadsføra tilboda våre til turistar har me i 2025 oppdatert og laga større informasjonsplakatar som er sette opp ved turistinformasjonane i Hardanger og i Bergen sentrum. Dette er plakatar med dynamiske QR-kodar som sikrar rett og oppdatert informasjon. I tillegg har me laga nye fellesbrosjyrar som syner heile tilbodet til HVM. For å fremja musea sine tilbod til lokalbefolkninga hadde Kabuso og HVM eigen stand på torgdagen i Norheimsund i september. Med hardangerjakta Mathilde som bakteppe var dette ein god måte å treffa publikum og fortelja meir om tilbodet ved musea.

Som i 2024 deltok me på Norwegian Travel Workshop (NTW), denne gongen i Bodø. Ulikt året før møtte me i 2025 opp med to representantar frå HVM. Som ein del av reiselivssatsinga til Innovasjon Norge, «Fram Hardanger», har SJ Mathilde blitt presentert for relevante reiselivsaktørar. Trendar innan reiselivet peikar mellom anna mot opplevingsturisme og interesse for dei «skjulte perlene». Dette passer godt med produktet SJ Mathilde, som i 2025 laga ei fjordseglas-pakke med segling, overnatting på Utne hotel, sidersmaking på Aga sideri og omvising i Agatunet. Dessverre vart det ikkje selt nok billettar til å gjennomføra seglasen. Å møta reiselivsaktørar gjennom NTW er eit langsiktig arbeid, som òg kan gje resultat på kort sikt.

2025 har vore eit år der kunstig intelligens (KI) har fått større merksemd innan reiselivsbransjen. KI-agentar som fungerer som personlege assistentar og turplanleggjarar, utfordrar etablerte måtar å finne informasjon, planleggja reiser og velja reisemål på. For å styrkja kunnskapen og kompetansen om denne utviklinga, og korleis me som kultur- og reiselivsaktør kan nytta KI meir effektivt, har me delteke på fleire seminar og kurs i regi av Virke og Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsutvikling (NDBR) gjennom året.

Nettsidene har i 2025 hatt stabil trafikk, men ein kan sjå endringar i brukaråtferd. Samanlikna med året før ser ein at dei besøkande brukar mindre tid på nettsidene våre, og at fleire avsluttar besøket etter å ha sett berre éi side. I lys av utviklinga innan KI er det behov for nettsider som er synlege for både menneske og maskiner. Det har derfor vore fokus på å tilpassa innhaldet på nettsidene slik at dei blir meir søkevennlege, oversiktlege og tilgjengelege for alle.

Mot slutten av året starta arbeidet med anskaffing av nytt kasse-, billett- og bookingsystem. Det er










Bilete til venstre: Kommunikasjonsrådgjevar i HVM Tine Kjosås og fartøyansvarleg ved HFS, Tone Solvang deltok på NTW i Bodø. Foto: Hege Vedvik. Til høgre: Frå Kaien i Bodø. Foto: Tine Kjosås, HVM.

naudsynt for oss å få på plass nye kassepunkt. Det at me òg får eit system for bestilling og booking på nettsidene er eit strategisk grep for å leggja til rette for betre brukaropplevling, meir effektive interne prosessar og eit betre datagrunnlag for vidare utvikling.

## Besøkstal og publikumsutvikling

Det samla besøkstalet for HVM i 2025 var 64 989 besøkande. Det er ein auke på 10,6% samanlikna med tal frå 2024. Mykje av veksten skuldast to store arrangement ved HFS. Til trass for auke i samla besøkstal har det vore nedgang i gruppebesøket hjå dei fleste musea, med unntak av Agatunet.

Ved Voss folkemuseum var årsbesøket 12 563. Jamført med 2024 var det ein auke på 1,4 prosent, og besøket var det beste sidan 2004. Det er ein auke i talet på enkeltbillettar, både for born og vaksne.  Talet på skuleelevar er om lag som året før, medan der er ein nedgang i selde gruppebillettar. Årsbesøket har stabilisert seg på eit godt nivå, men det er framleis rom for auke. Dei som vitjar oss er godt nøgde, og me får gode skotsmål frå reiseselskap og turoperatørar.

Besøkstalet på Hardanger folkemuseum har gått noko ned, særleg utanom sommarsesongen. Det enda på 6 878 i 2025, mot 7 205 året før. Bakgrunnen for dette er færre grupper. I 2024 hadde me undervisningsopplegg knytt til utstillinga «Systerspel» som mange av skulane i Hardanger deltok på. I 2025 hadde me ikkje undervisningsopplegg knytt til den nye utstillinga «Dekor på tre». Dette kjem fyrst hausten 2026. Dette har òg gitt ein nedgang i besøk. Gledeleg er det at me har hatt ei lita auke av gjester i hovudsesongen i høve 2024.

I Agatunet har det vore 4 816 besøkande. Det er ein nedgang på om lag 1000, og ein del av forklaringa på dette er studentgrupper som var på besøk i 2024, men ikkje i 2025. Dessutan har det vore færre grupper enn tidlegare. Me har hatt eit samarbeid med Aga sideri, der dei tek gjester med seg opp til tunet for omvising. Aga sideri merka òg at det var mindre besøk i 2025.

Kabuso og Ingebrigt Vik museum fekk totalt besøk av 11 301 personar i 2025. Dette er noko lågare enn i 2024, då me hadde 12 603 på besøk. I 2025 hadde me ei forsøksordning der ein kunne velje fritt mellom full og redusert billettpris. Her valde 411 full og 608 halv pris, med ei klår overvekt av halv pris i sommarmånadene. 4 personar nytta *Sommarpass*, mot 70 i 2024. Det var òg ein reduksjon i bruken av Kabusokort og besøk av grupper vaksne. Totalt var det 1385 betalande besøk i utstillingane. Konsertbesøkande var på 1561 i 2025, mot 1424 året før.  I utstillingane var det 1079 born som deltok på formidlingsprogramma våre, ein liten nedgang frå 24. Talet på kafégjestar viste ein hyggeleg auke, frå 3296 til 4113, mens utleige gjekk ned med nær 800 gjester. Fagfolk dobla besøket i utstillingane frå 2024 til 2025 til over 500, noko som i stor grad skuldast Vestlandsutstillingen og Simone Hooymans.

Me vonar at ei auka satsing på marknadsføring mot reiselivet skal gjera utslag i besøkstal i 2026, særleg for Hardanger Skyspace. Kabuso har i liten grad vore mottakar av cruiseturistar, og me ser heller ikkje at dette vil endra seg mykje. Dei gjestane me trur vil nytta oss meir er fyrst og fremst lokale heilårsbesøkande, samt kulturinteresserte reisande.





Bilete til venstre: «Glacial feelings» av James Webb. Foto: Thor Brødreskift. Til høgre: Frå utstillinga Karbonhjarte Foto: Pål Hoff

I 2026 vil me prøva å nå desse i større grad.

Hardanger Fartøyvernsenter sette ny besøksrekord i 2025 med totalt 26 566 gjester. Dette er ein oppgang på 10 701 frå 2024, noko som svarer til ein auke på heile 67,4 %. Opninga av Kulturnaustet i juni, med ny kafé og utvida opningstider, er ein viktig faktor bak veksten. Ein svært god sommarsesong, og fleire arrangement der Hardanger trebåtfestivalen og Wings & Wheels, ei mønstring for veteranbilar og fly, er dei største, har drege besøkstalet kraftig opp. Ser vi på talet for selde billettar, er auken framleis markant med 15,8 %, og vi ser ein tendens til fleire gruppebesøk i skuldersesongane. Ei stor, men ikkje umogleg utfordring, blir å halda besøkstalet oppe når nyhendeverdien av Kulturnaustet legg seg.

## 3. Kunsthus

HVM er del av ein eksisterande infrastruktur og eit aktivt kunstfelt i Vestland. Me er arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet, særleg aktive er Kunsthuset Kabuso, Hardanger folkemuseum og Agatunet. Museet bidreg til at profesjonelle kulturarbeidarar og aktørar kan leva av yrket sitt, og at born og ungdom i regionen får møta samtidskunst og musikk i sin region. Dei kan også visa eigne arbeid og framføra musikk på scenene våre.

Kabuso utviklar og kuraterer eigne program for kunst- og musikkscena, og me inviterer kunstnarar til å utvikla utstillingar særskilt for staden. I 2025 viste Kabuso tre større og to mindre separatutstillingar av einskilde kunstnarar, to utstillingar i samarbeid med andre institusjonar i regionen samt den juryerte Vestlandsutstillingen.

I 2025 hadde Kabuso gleda av å tilby 19 konsertar med profesjonelle musikarar pluss tre med Kulturskulen, ei danseforestilling med og av ungdom i samarbeid med Bergen Dansesenter, ein filmfestival i samarbeid med Kvam filmklubb, to føredrag om språk og eitt om ferjer, eit fagseminar om isbreen Folgefonna, to faglege kursverkstader i tresnitt, tillegg til sju lågterskel-teikneverkstader for vaksne og eit besøk av litteraturbåten Epos i samarbeid med Bergen Assembly. Det er også jamleg tilbod om yoga i utstillingssalen.

Satsingsområdet for 2025 har elles vore Hardanger Skyspace, det unike kunstverket til James Turrell som er lokalisert ved Hardangerfjorden i Øystese. Til å utvikla eit formidlings- og marknadsføringsprosjekt fekk me eit tilskot på kr 250 000 frå Innovasjon Noreg. Arbeidet held fram i 2026.

Medlemsklubben Bornas Kabuso har gjennomført tolv sundagar med filmvisning og verkstad. Dette er ein kunst- og filmklubb med familieverkstader og animasjonsfilm. Kunstnarar som bidrog med verkstadaktivitet i samarbeid med Kunsthuset Messen i Ålvik, var Sarah Dami Hoogman og Jurel Bakker (NL), Margaux Dinam (FR), Simone Hooymans, Hedda Roterud Amundsen og Judith de Haan. Seks animasjonsfilmar vart viste: Encanto, Nina og pinnsvinets hemmelighet, Ulv i fåreklær, Aladdin, Min nabo Totoro og Marihønenes









Bilete til venstre: Ordførar i Kvam, Torgeir Næss og Kunstnaren Carl Martin Hansen (t.h) står foran Hansen sine verk i foajeen til Kabuso. Foto: T. Brødreskift. Til høgre: Kunstnar Kenneth Varpe førebur utstillinga si. Foto: Karen Korssjøen, Kabuso

jul. I samband med nokre av filmvisningane hadde me også aktivitetar som maskeverkstad, juleverkstad med meir. Klubben hadde i løpet av året 52 medlemmer.

I 2025 vart det utarbeidd undervisningsopplegg for skule og barnehage til utstillingane Simone Hooymans – Eternity in a Moment, James Webb – Slowly, slowly, and then all at once, og Vestlandsutstillingen 2025. Til utstillinga Karbonhjarte hadde me også nokre barnehagegrupper. Våren 2025 vart skyss til Kabuso dekt av Den kulturelle skulesekken (DKS) i Kvam. Mangel på stønad til transport gjorde at færre skuleelvar besøkte utstillingane etter sommaren. I tillegg til desse gjennomførte Kabuso faste opplegg knytt til Ingebrigt Vik museum og utvikla eit nytt opplegg til Hardanger Skyspace, som vart prøvd ut i januar. Til saman deltok 1079 barn og unge på desse i 2025. I samarbeid med Ung Fritid i Kvam stod Kabuso for to tilbod i 2025: i vinterferien kunne born og unge laga gipsmasker og i sommarferien hadde me tilbod om tresnittverkstad.

I november arrangerte Kabuso kurs i tresnitt over to laurdagar med kunstnar Åse Vikse. Kurset var fullteikna.

## 4. Heilskapleg samlingsutvikling

Kompetanseheving er viktig òg når det gjeld samlingsutvikling. Tilsette har deltatt på fleire kurs i regi av Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland. Eitt av desse føregjekk ved Hardanger folkemuseum og handla om handtering av sølv og andre metall. Verdibergingsplanar og konkrete konserveringstema er døme på slike kurs.

Tre medarbeidarar har i 2025 delteke på det fyrste opplegget i eit treårig kursopplegg i regi av Bevaringstenestene, «Nytt fokus på museumsgjenstandane». Temaet i 2025 var «Hva er en museumsgjenstand». Dette har omfatta seminar, workshops, samt et vekes kurs i Re-Org ved De Heibergske Samlinger (Musea i Sogn og Fjordane). Dette har gitt viktig kunnskap og praktisk erfaring, og styrka nettverket av museum på Vestlandet.

Ved Voss folkemuseum har tilveksten av gjenstandar vore svært liten. Talet på registrerte gjenstandar har gått noko opp, men dette er i all hovudsak gjenstandar som har lege uregistrerte i magasinet. I januar hadde me den årlege samlingsveka, der me mellom anna arbeidde med desse uregistrerte gjenstandane.

Det har likevel kome inn nokre nye gjenstandar, men her legg me lista høgt. Av og til får me tilbod det er aldeles uråd å takka nei til, slik tilfellet var i vår. Sidan 2009 har museet hatt eit feleskrin i deponi. Då me skulle fornya deponiavtalen i vår, sa eigaren at me kunne overta skrinet. Det var ei raus gåve: Dette er det eldste kjende feleskrinet i landet – på loket er årstalet 1512 innskore. I 1997 vart det gjennomført eit stort prosjekt der eldre feler og feleskrin vart daterte, og i det prosjektet vart det stadfesta at dette skrinet verkeleg var så gamalt. Skrinet er dermed det eldste kjende feleskrinet i landet, og det er rundt 140 år eldre enn den eldste kjende fela. Det





Bilete til venstre: Kurs om handtering av sølv og andre metall på Hardanger folkemuesum i regi av Bevaringstenestene ved Museumsenteret i Hordaland. Foto: Ingvild Hauso, HFU. Til høgre: Gåve til Voss folkemuseum, det eldste kjende feleskrinet i landet. Foto: Kjell Herheim, VFV.

kan dermed tenkjast at skrinet har vore brukt til eit anna instrument enn feler, men både i rapporten frå dateringsprosjektet, og i boka Hardingfela (2009) går ein ut frå at det faktisk var eit feleskrin. Boka er skriven av Bjørn Aksdal, som òg var sentral i dateringsprosjektet. Skrinet er noko mindre enn nyare feleskrin, og det stemmer godt med at felene har vorte noko større med åra.

Som nemnt annan stad laga både Voss folkemuseum og Hardanger folkemuseum dette året utstillingar med utgangspunkt i eigne samlingar. Dette er med på å gjera samlingane våre meir synlege for publikum, men i lys av temaet samlingsutvikling er det òg viktig at dei tilsette får betre kunnskap om kva me har i samlingane.

For Kvam bygdemuseum, Storeteigen, starta året med overtaking av kloggeverkstaden etter Mathias og Jakob Madsen på Laupsa i Øystese. Verkstaden var i drift fram mot 1960-åra og var no ynskt fjerna av noverande eigar. I samråd med ein lokal skomakar, Marte Linga, vart det vurdert slik at me ynskte å ta vare på ein del maskiner og utstyr, i tillegg til tresko og materialar for produksjon av dette. Dette vart så pakka ned og flytta til verkstaden på Storeteigen. Her har det tidlegare vore drift av skomakarverkstad, så desse to samlingane er tenkt å sjåast i samanheng. For istandsetjing av maskinene har skomakar Tahir Hajdi arbeidd som frivillig. Det har vore søkt om midlar til arbeidet med istandsetjing av verkstaden, men dette har så langt ikkje gitt resultat.

Samlinga som høyrer til Bu museum er eigd av kommunane Ullensvang, Voss, Ulvik og Eidfjord. Avtalen om kjøpet av samlinga i 1970-åra har vore sett under lupa ved fleire høve, og det har vore ein prosess omkring avtalen i 2025. Prosessen er ikkje i mål og held fram i 2026.

# 5. Trygg ivaretaking (materiell kulturarv)

## Gjenstandsforvaltning

HVM har eit mål i strategisk plan om at 80 % av dei kulturhistoriske samlingane skal vera dokumenterte. Ved utgangen av 2025 var 77 % dokumenterte. Målet for fotosamlinga er 35 %, men her er me alt oppe i 44 %, så her må me setja oss nytt mål.

For den eldre delen av gjenstandssamlinga på Kvam bygdemuseum, Storeteigen, er det no arbeidd med reingjering og istandsetjing, merking og registrering i Primus og publisering på Digitalt museum.

Utstillinga «Dekor på tre» ved Hardanger folkemuseum har vore eit fint høve til å bli betre kjend med ein del av samlinga. Mange av dei utstilte gjenstandane er fotograferte på nytt, og fått oppdatert informasjon om tilstand. Me har organisert et nytt system for behandling av innkommande museumsgjenstandar, inkludert etablering av et fotostudio.

## Forvalting av historiske bygningar

Ved bygningane til Voss folkemuseum har det berre vore gjort mindre vedlikehald i 2025. Bygningane på alle tre museumstuna er i god stand, og ved å









Frå utstillinga «Dekor på tre» ved Hardanger folkemuseum. Foto: Benjamin Richards, HFU.

ha jamleg tilsyn kan me retta opp små hendingar raskt. Den eine bygningen som treng vedlikehald er ei av stovene på Nesheimstunet. Her har delar av kjellarmuren rast ut, slik at me ikkje lenger kjem oss inn i kjellaren. Sjølve huset står trygt, men skadane skal utbetrast så snart me får tilskot til det.

I museumstunet på Utne har me i år halde fram med restaurering og vedlikehald av Nesjastova, som er eit av dei opphavlege husa i tunet. Huset er måla utvendig. Golv og bjelkar i stova i fyrste høgda var i så dårleg stand at det måtte skiftast ut. Dette arbeidet vil halda fram utover i 2026.

Skredstova i naustrekkja ved sjøen vert også sett i stand. Dører med ramme er tatt ut og restaurert på verkstaden. Arbeidet vil fortsetja i 2026.

I Agatunet har bygningsvernkonsulenten og eigarstyret samarbeidd om søknad til vøle av Isakstova. Tilskot til å måla huset vart løyvd av Vestland Fylkeskommune til Stiftelsen Agatunet i 2025. Det vart dermed laga eit samarbeidsprosjekt der Guro Sæbø, nyutdanna arkitekt frå NTNU, måla huset og sette vindauge i stand. Handverkarane Torfinn Hus og Morten Haavik følgde opp med praktisk hjelp, sette opp stillas, skifta ut rote treverk og restaurerte døra. Bygningsvernkonsulent laga vedlikehalds- og fargeplan, dokumenterte og skreiv rapport. Guttorm Rogdaberg deltok med dugnadsarbeid og godkjenning.

I Agatunet har me òg sett i gang eit tiltak om å vøla golvet i Lagmannsstova. Det er svikt i golv ved døra, og i samråd med Vestland fylkeskommune har me fjerna to golvbord for å finne årsaka. Under eksisterande golv fann me eit mellomaldergolv. Dette var så spesielt at Vestlandsrevyen kom på synfaring, filma og laga eit innslag. Status ved slutten av året 2025 er at det er sendt inn søknad om videre arbeid med dokumentasjon av golvet til fylkeskommunen.

I Agatunet har me kalka kjellarar under Johansstova. Samstundes har me planlagt, mura og prøvd ut ein mindre kalkomn, der me berre treng ei brennetid på om lag 12 timar. Det vert dermed lettare for oss å gjennomføra ei brenning utan å leiga inn ekstrahjelp. På dei tiltaka der me ikkje har behov for store mengder brent stein vert dette ei god løysing.

I alle tre tuna på Utne, på Skredhaugen og i Agatunet er det utført vedlikehald på husa. Dette vedlikehaldet er særs viktig, men vert lite lagt merke til. Det vert først synleg når arbeidet ikkje vert utført jamt og trutt.

I tillegg vert det noko arbeid med sprinklaranlegg, brannalarmar, tilrettelegging ved arrangement og ikkje minst arbeid med utstilling.

Bygningsvernkonsulent har delteke med skriving og stilt på møte med Kunstlaget i Agatunet i høve boka om Lagmannsstova som vart utgitt i år.

I høve utstilling om teikningar til arkitekt Georg Fredrik Fasting frå 1945, har bygningsvernkonsulent delteke på møter, gått igjennom arkiv etter Fasting og skreve ein faldar som høyrer til utstillinga.

## Forvalting av historiske fartøy

Hardanger fartøyvernsenter eig fire historiske fartøy som er i meir eller mindre aktiv bruk, i tillegg til ein open gavlbåt frå Jondal, «Gavlabåten» på folkemunne. Gavlabåten er 27 fot lang og har vore nytta til ymse formål, men opphavleg truleg




Våren 2025 vart to golvbord demontert i etasjeskilje i Lagmannstova. Under låg det eit hittil ukjend golv som viste seg å kunne vera svært gamalt. Foto: Skjermdump NRK Vestlandsrevyen 19.05.25.

til notfiske. Båten har dei seinaste åra vore brukt i ungdomsprosjektet «Båtbasen», og våren 2025 vart den rigga med segl i samanheng med dette prosjektet.

MK Vikingen fekk i 2025 nytt opplagstelt. Det nye teltet er konstruert med plastrøyr og spesialsydd duk. Det gjer det mykje enklare å setja opp og ta ned. Det gjer også arbeidet om bord mykje enklare vinterstid. Frivillige har utført arbeid på motoren, mellom anna reparasjon av smørekopp. Hausten 2025 vart det laga ein tilstandsvurdering av båten, som legg grunnlag for videre vedlikehald. Vikingen har vore på fleire turar i regi av frivillige i 2025.

Lystbåten MY Faun gjekk gjennom ein naudsynt reparasjon av fordekk og aktercockpit på vårparten 2025. Arbeidet vart finansiert av Riksantikvaren og utført av dyktige båtbyggjarar frå eininga for fartøyvern. Heile fordekket er rive og lagt på nytt. Aktercockpit har vore utsett ved at mykje vatn har samla seg der, og området har fått roteskade som følgje av det. Det er gjort utbetringar under dørken, slik at vatn renn enklare vekk. I tillegg er dørken bytta ut. Venelaget fekk høve til å bruka båten i sommarsesongen, og deltok mellom anna på trebåtfestivalen i Norheimsund og Fjordsteam i Stavanger.

Det tidlegare fraktefartøyet SJ Mathilde frå 1884 har i 2025 hatt ein aktiv sesong, med leirskule på vår og haust. På sommaren var det mellom anna seglas i samarbeid med Kysten ung og Ung fritid Kvam. I september deltok Mathilde på Nordisk gaffelriggseminar i Bergen. Mathilde fekk på vårparten pålegg frå Sjøfartsdirektoratet om å fjerne kartplottaren om bord, då denne ikkje er «rattmerka». Det vil seia at utstyret ikkje fylgjer dei krava som vert sette til skipsutstyr på passasjerfartøy. Det har difor gått mykje tid med å finne ny løysing for digitalt kart, samt å skaffa midlar til dette. Ny kartplottar er kjøpt inn. Naudbelysning på dekk med mønstringsstasjonar vart òg oppgradert etter pålegg.

Hausten 2026 skal Mathilde på slipp for ein større reparasjon av skroget. Me fekk tilsegn om 400 000 kroner til material til den reparasjonen. Dette vert kjøpt inn på nyåret 2026.

MF Folgefonn I er under istandsetjing ved Bredalsholmen Dokk og fartøyvernsenter. Arbeidet har vore knytt til utskifting av skrogplater, utbetring av skrogplater og utbetring av spant. Arbeidet har gått ut på demontering og kopiering av hudplater med klargjering for montering, som rustbanking og reparasjonar på spant og mellomlegg. Deretter montering, brotsjing og klinking av hudplater. Hausten 2025 vart det jobba med ny formidlingsplan til Folgefonn.

## Driftsbygningar og anlegg

Utviklingsplanen «Tett På» ved Hardanger fartøyvernsenter nærmar seg fullført når det gjeld dei store prosjekta. Publikumsbygget Kulturnaustet vart offisielt opna 14. juni. Handverkartunet er planlagt ferdig i 2026. I det heile har dette vore eit stort kompetanseprosjekt, som vil gje plass for båtsamling, fartøydeler, undervisningslokale for fagskuletilboda, byggeplass og anna. Slik det ser ut no er desse prosjekta gjennomførte innafor budsjettet. Resten av bygningsmassen på HFS har eit vedlikehaldsetterslep, som vil verta kartlagt og planlagt med tanke på utbetring. Kartlegginga og planlegging vil starta i løpet av 2026, det gjeld òg





etterbruk av dei bygga me har flytta ut av.

Norconsult er engasjert for å bistå i arbeidet med å oppgradera samlings- og formidlingsbygget til Hardanger folkemuseum på Utne. Arbeidet omfattar både arbeidsflyt og publikumsflyt i bygget, i tillegg til løysingar for varme og ventilasjon.

I samband med utstillinga «Frå skog til drake» vart utstillingssalen på Voss folkemuseum lettare ombygd. For nokre år sidan bygde me eit lager i den inste enden av salen, men dette lageret vart no flytta til den andre enden. Ombygginga gav oss eit meir ope og innbydande utstillingsrom.

## Arkiv og bibliotek

HFU har mottatt midlar til å testa nye måtar å jobba med og formidla arkiver på. Dette er eit samarbeidsprosjekt med eksterne partnarar som startar i 2026, og tek utgangspunkt i arkiv etter kunstnaren Bernard Greve som bygde opp samlinga på Skredhaugen på Lofthus.

Det digitale arkivet ved Hardanger fartøyvernsenter held fram med å veksa, og inneheld no 426 000 filer, 26 000 fleire enn i fjor. Rundt 343 000 av desse tilhøyrer HFS. Dokumentasjonssenteret er eit lågterskeltilbod, og har eit ope og søkbart arkiv som bidreg til kunnskapsdeling. I arkivet finn ein foto, video, dokument, teikningar og rapportar. Dokumentasjonssenteret er eit fellesprosjekt for dei tre nasjonale fartøyvernsentra, og arbeidet er støtta av Riksantikvaren. Det ligg på denne adressa: https://dokumentasjonssenter.fartoyvern.no/fotoweb/

Arbeidet med å samla inn, digitalisera, og sikra arkivmateriale frå fartøyeigarar held fram. Dette er også ein del av dokumentasjonssenteret, som mellom anna går ut på å få fram erfaringar med å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.

HFS fekk i samband med at Riksantikvaren flytta til nye lokale, donert ein del bøker. Fagboksamlinga har difor vakse med 250 bøker det siste året, og inneheld no 2352 titlar. Nye titlar blir lagt inn i samlinga fortløpande.

Tidlegare utgåver av magasinet Fartøyvern og Dampskibsposten er digitaliserte, og desse vart gjort tilgjengelege for publikum i løpet av 2025. Dei digitale versjonane ligg i Dokumentasjonssenter for fartøyvern, og er i tillegg gjort tilgjengelege via ressurssidene på nettsida til HVM/HFS.

## Hardanger Folkemusikksamling

FIOL er ein database utvikla i norsk-svensk folkemusikk- og dansearkivmiljø sidan 1980-åra. I fleire år har det vore omtalt at dette systemet er på veg ut av bruk. Det har derfor vore eit stort løft når no alt av arkivmaterialet, inkludert alle metadata, er teke ut av FIOL og sikra digitalt hjå Vestland fylkeskommune sitt arkiv i Leikanger, samt på eigne serverar. Vestland fylkeskommune er dermed ny samarbeidspartner for Hardanger folkemusikksamling. Saman med dei vert det jobba med nye publiseringsløysingar for innhaldet i arkivet. Det er gjort avtale med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av eldre AV-materiale som i dag ligg på arkivkontoret på ved Hardanger folkemuseum.

Hardanger folkemusikksamling har sett i gong eit dokumentasjonsprosjekt som skal gå over tre år. I denne samanheng er det i 2025 gjort 39 nye opptak av utøvarar og konsertar.

## Rådgjeving, bygningsvern

Bygningsvernkonsulentane tilsett i HVM ved avdelingane Hardanger Folkemuseum og Voss folkemuseum, har rådgjevingsteneste for private og kommunar. Dette gjeld kommunane Voss, Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Kvam. Denne rådgjevingstenesta er eit samarbeid mellom museet og Vestland fylkeskommune. Bygningsvernkonsulent-stillingane er delvis finansierte av fylkeskommunen og gir gratis råd til private eigarar av historiske bygningar. Denne ordninga vart prøvd ut ved Hardanger folkemuseum som et pilotprosjekt i 1997. Ho vart vidareført til et treårig prøveprosjekt i 2000 og deretter vart det ei fast ordning med årlege faste tilskot frå fylkeskommunen. Frå 2023 har Voss herad øyremerka tilskot til ordninga.

Rådgjevingstenesta skal være gratis for private, og bygningsvernkonsulentane skal vera Vestland fylkeskommune sine støttespelarar ute i distriktet.

Bygningsvernkonsulenten med ansvar for Voss, Tora Lie Brunborg, var på kring 25 synfaringar i 2025. Nokre oppdrag kjem via Vestland fylkeskommune, dei fleste kjem frå private. Det vert skrive tilstandsrapport etter dei fleste synfaringane. Brunborg har samarbeidd tett med handverkarar busett i Voss herad, og ved nokre høve har dei laga tilstandsrapportar.

«Lys i gamle hus» var eit tre-årig nasjonalt pilotprosjekt, i regi av Fortidsminneforeininga. Voss herad var ein av seks kommunar som tok del i dette pilotprosjektet, som har som mål at fråflytta bustadhus skal verta sett i stand og tekne i bruk att. Brunborg var lokal prosjektleiar, og var jamleg med på møte saman med representantar frå dei andre

kommunane. Pilotprosjektet dekte åra 2023–25, men det er no vedteke at prosjektet skal halda fram.

Brunborg har kontorplass ved Voss folkemuseum. Konsulenttenesta i Voss er relativt ny, og så langt har det vore arbeidd lite med bygningane denne avdelinga har forvaltingsansvar for. Konsulenten var aktivt med i arbeidet med temautstillinga «Frå drake til skog», og stod bak ei vellukka ombygging av salen utstillinga vart vist i.

Brunborg sa opp stillinga si med verknad frå 1. september, og resten av året var stillinga vakant.

Bygningsvernkonsulent med ansvar for Hardanger har også i 2025 fått oppdrag frå kulturseksjonen ved Vestland fylkeskommune. Oppdraga har dreidd seg om synfaring i høve riving av bygg og råd om restaurering med påfølgande kulturminnefråsegn. Nokre av desse synfaringane må planleggast lenge på forhånd på grunn av tilkomst til staden, som til dømes vurdering av fjellgarden Kjeåsen i Eidfjord kommune der vegen berre er open i sumarhalvåret.

I Hardanger er det mange oppdrag som gjeld gardsbruk med mange hus, der fleire av husa har behov for restaurering og vedlikehald samstundes. Eit gardsbruk kan ha ti hus i tunet og i tillegg uthus, naust og stølshus. Oppdraget vert då å vurdera tilstand på dei ulike husa og prioritera. Rådgjevinga kan gå over fleire år etter ei prioritert liste. I alle kommunar i Hardanger er det slike pågåande prosjekt. Råd frå alle tilskotsgjevarar er å dela opp tiltak i bolkar. Eigar får dermed moglegheit til å utføra eigeninnsats som lettar på utgiftene.

Det har vore synfaringar og oppdrag i alle kommunar i 2025. I Kvam herad er det arbeidd med ein rive- og ombyggingssøknad for eit stølshus, restaurering og oppfølging av vøle av eit freda stabbur, tilstandsrapport med tilrådde tiltak på eit naust og oppfølging vøle av våningshus. I Ullensvang kommune har det vore utarbeidd kulturminnefråsegn og råd i høve søknader og vøle av stabbur, to løer, ei utløe, eit eldhus, kvernhus, tørkestove og eit våningshus. I Eidfjord har det vore gitt råd knytt til eit kvernhus, eit våningshus og ei løe. I Ulvik har rådgjevinga vore knytt til ei løe, eit naust, eit våningshus, samt rettleiing og synfaring i høve ønsket om å setja opp kopi av Køllehuset.

Oppdraga kan vera svært ulike, som til dømes råd om restaurering og ombygging, hjelp med søknadsskriving og mykje råd om material, fargeval og måling. Dei siste åra har det blitt mange fleire oppdrag som kjem via e-post der bygningsvernkonsulent også svarar på e-post. Spesielt utover vår og sommar kjem spørsmåla om overflatebehandling.

Bygningsvernkonsulent Anne Lise Brask Eriksen har halde to foredrag i år: om krotetradisjonen i røykstova (Storeteigen i juni) og på Kulturminnedagen om hus i tunet på Hardanger folkemuseum som opphavleg har stått i det gamle klyngetunet på Utne.

I juli hadde bygningsvernkonsulenten ope hus i årestova i tunet på Hardanger folkemuseum ein dag i veke. Her var det tilbod til besøkande om å delta i kroting. Å krote ei røykstove vil seia å påføra geometriske symbol som kross og solteikn med ei blanding av kritt og vatn. Dette vert ein bord som strekker seg rundt på alle fire veggane.  Dette gjekk føre seg same dag som det var baking av krotekaker i eldhuset og omvising i tunet.

I desember deltok bygningsvernkonsulenten på omvising med Kulturminnefondet på Nes gard i Kvam i høve tidlegare løyvde tilskot og vøle.

Bygningskonsulent og dei to handverkarane ved Hardanger folkemuseum deltok på samling og årsmøte i handverksnettverket på Rjukan i oktober.

Alle bygningsvernkonsulentane i Vestland fylke har møte kvar månad på Teams. Det er også gjennomført eit felles dagseminar i Havråtunet der alle møtte. På desse møta og samlingane vert aktuelle tema diskuterte.

## Rådgjeving, fartøyvern

Å vera eit rådgjevande organ på fartøyvernfeltet og å bidra med kompetanse og kunnskap innan restaurering etter antikvariske prinsipp, er ein del av oppdraget vårt som nasjonalt kompetansesenter. Rådgjeving går mellom anna føre seg gjennom å bidra med innlegg og føredrag på seminar og arrangement i regi av private og offentlege verksemder i heile landet. Dette er i tråd med Riksantikvaren sine forventingar om at me skal møta kunnskapsbehovet i fartøyvernet.

Både fartøyvernkonsulentar og fagarbeidarar har delteke på ei rekkje ulike arenaer. Ein rådgjevande handverkar og ein prosjektleiar var i Trondheim for å gje opplæring i driving av dekk etter førespurnad frå Trøndelag fylkeskommune.

I september inviterte Riksantikvaren til nasjonalt fagleg seminar for fartøyvernkonsulentar som jobbar i fylkeskommunar og på dei tre nasjonale fartøyvernsetra. På dette stormøtet heldt tre av fartøyvernkonsulentane innlegg innanfor ulike emne innanfor hovudtemaet fritidsbåtar.

Ein av konsulentane leverte ein artikkel til årsskriftet til Vestnes Sogelag om fullriggaren Herman Lehmkuhl.









Bilete til venstre: Publikum fekk prøve kroting på Hardanger folkemuseum.
Til høgre: Krot i Tveismestova på Hardanger folkemuseum. Alle foto: Anne-Lise Brask Eriksen.

HFS gjennomførte i 2025 Gaffelriggseminar i september og Maritimt verktøyseminar i oktober. Interne krefter har i hovudsak hatt ansvar for fagleg innhald. Nordisk gaffelriggseminar er blitt ein tradisjon og ein ettertrakta læringsarena, med ventelister. Det var 10 båtar og 90 deltakarar på seminaret som tok til i Vågen i Bergen. Derifrå gjekk seglasen til Kleppeholmen og vidare til Bekkjarvik og tredje dagen attende til Bergen der dei avslutta med middag på gamle brannstasjonen. Det var godt vêr, men litt lite vind.

Også Maritimt verktøyseminar er populært, og årets seminar var det 16. i rekkja. Målgruppa er profesjonelle handverkarar som til dagleg arbeider med tradisjonelle verktøy og arbeidsprosessar. Dette året fekk dei elleve deltakarane innføring i verktøy for dekor i båtar og fartøy.

Våren 2025 vart unge handverkarar inviterte til kurset «Trematerial til fartøyvernet» på Ål i Hallingdal. Kurset tek mål av seg å gjera unge handverkarar betre kjende med antikvarisk handverk, med vekt på materialkunnskap, og var ein del av ei kursrekkje finansiert av Sparebankstiftelsen DNB og Riksantikvaren. Fleire av handverkarane våre bidrog i undervisninga og i den praktiske gjennomføringa.

I september vart reipslagaren og ein lærling for andre år på rad inviterte til Port Townsend Wooden boat festival i USA. I tillegg til å ha stand med reipslaging heldt dei to foredrag under festivalen, som vara tre dagar. Me kan ikkje lova noko, men me er inviterte til å delta òg i framtida.

Elles har reipslagarane vore på besøk til «Brødrene af Sand» for å sjå korleis dei vedlikeheld naturfiberriggen på fartøyet.

# 6. Trygg ivaretaking (levande kulturarv)

## Tekstil

Hardanger folkemuseum har rike samlingar av tradisjonelle tekstilar. Ein stor del av desse er drakter og draktdelar som har vore nytta i folkedrakter og bunadar frå Hardanger. Tekstilane er laga med bruk av mange ulike, tradisjonelle teknikkar. Desse draktdelane dannar utgangspunkt for kursverksemda på museet. Med kurs som opplæringsform får me vidareført tradisjonelle tekstile teknikkar og synt fram korleis det gamle folkedraktmaterialet me har i samlingane kan danna grunnlag for variasjon i dagens hardangerbunader. Kursa går over ei helg, gjerne fredag til sundag. To av kursa var nye i 2025.

Kursa vert gjennomført i samarbeid med Folgefonn husflidslag. I 2025 lyste me ut fem helgekurs:

Bringklut, 7.–9. mars, kurslærar Agnete Sivertsen, 7 deltakarar

Montering skjorte og forkle , 29.– 30. mars og 5.–6. april, kurslærar Marit Bleie Mannsåker, 9 deltakarar

Hardangersaum og svartsaum, 26.–28. september, kurslærar Agnete Sivertsen, 11 deltakarar

Metallkniplingar, 3.–5. oktober, kurslærar Åse Bratland, 11 deltakarar inkl. tre på hardangersaum og ein på sjonaleistar.



Handverkartunet får taktekking med teglstein. Foto: Silje Ensby, HFS.

Sjonaleistar, 5.–6. oktober, kurslærar Agnete Sivertsen. Dette kurset vart avlyst, og deltakarane vart flytta over til helga før.

I tillegg hadde me dagskurs i hardangersaum for ei gruppe frå Japan, og eit holmabringklut-kurs i Holmen i Ulvik, på staden der søstrene Kølle budde.

Museet har òg hatt opplæring av studentar og skuleelevar. I fleire år har elevar i niande klasse ved Hauso skule kome til museet og fått læra å sy hardangersaum. Dette er året dei er konfirmantar, og mange får bunad til konfirmasjonen. Ved å sy noko hardangersaum får dei ta praktisk del i vidareføringa av ein lokal saumteknikk med røter til 1600-talet, samstundes som dei får ei djupare forståing av arbeidet som ligg bak bunaden. Saumen dei syr, feller dei sidan inn i ein stoffpose dei kan oppbevara bunadsskjorta i.

Det har vore god utvikling i skautfellingsprosjektet i 2025. Forsking og utøving har gitt gode resultat. Skautfellaren kjenner seg nokolunde klar for å starta produksjon, og leverte fire skaut med valkar til kunde før jol. Det som no står att i det som er definert som eit forprosjekt, er å laga instruksjonsfilmar, samt landa endeleg vurdering av pris for dei einskilde produkta. Så går skautfellinga over i driftsfase.

Bunadsutleige har jamn utvikling med både utleige av konfirmasjon- og bruredrakt.

## Bygningsvern, handverksutvikling og Herand sag

Bygningsvern er ein aukande aktivitet i HVM og me opplever at kompetansen på bygningsvern er stadig aukande. Den freda, vassdrivne oppgangssaga i Herand vert forvalta av HVM, avdeling HFS. Dette er ei sag som er i relativt god stand og som mellom anna vert nytta til å produsera material til bygningsvern. Det immaterielle elementet ved saga er viktig, så drifta er ein del av den heilskaplege forvaltinga. På grunn av bemanningssituasjonen, kombinert med mykje internt arbeid i samband med ferdigstilling av Tett på, vart det ikkje skore noko i 2025. No har me bemanna opp og har tinga eit vogntog med tømmer til skjering i 2026. Sjølv om anlegget er i relativt god stand, er det avdekt ein del behov for tiltak. For å få oversikt over kva som trengs av reparasjonar, vil me gjennomføra ei systematisk kartlegging.

I 2025 har HFS vidareført samarbeidet med studentar frå NTNU sitt bygningsvernstudium, med særleg fokus på handverksutvikling og kunnskapsbasert dokumentasjon. NTNU-studentane har i år bygd portar til det nye Handverkartunet. Arbeidet tok utgangspunkt i ein studietur til Havråtunet på Osterøy, der tradisjonelle portar vart dokumenterte gjennom oppmåling, fotografering og detaljstudiar. Denne dokumentasjonen la grunnlaget for prosjektering og bygging av portane ved Handverkartunet, og gav både studentar og fagmiljø verdifull innsikt i tradisjonelle konstruksjonsprinsipp og detaljløysingar.

Parallelt har HFS i eigen regi gjennomført kurs i tekking med teglstein for unge handverkarar. Kurset var finansiert av Sparebankstiftelsen DNB og hadde som mål å styrka rekruttering og kompetanse innan tradisjonelle tekketeknikkar. Kurset kombinerte praktisk utføring med teoretisk innføring i materialbruk, detaljer og antikvariske krav, og bidrog til å bygga opp naudsynt kompetanse for







Unge handverkarar på kurs i tradisjonell tekketeknikk på HFS, dei lærer her tekking med enkelkrum teglstein: Foto: Mathias Zeh, HFS.

framtidige restaureringsoppdrag.

Kompetanseutvikling mellom dei tilsette har vore eit sentralt satsingsområde i 2025. Ein av medarbeidarane har i år fullført utdanninga som fagteknikar i «Klassisk bygghandverk og restaurering» ved Fagskulen Vestland. Dette styrkjer ein viktig og ettertrakta kompetanse ved HFS. I tillegg har ein annan medarbeidar teke til på same utdanninga hausten 2025, noko som bidreg til langsiktig oppbygging av fagmiljøet innan tradisjonelt bygningsvern. Gjennom året er det òg lagt vekt på kompetanseheving innan digitale oppmålingsteknikkar. HFS har dermed styrka sin kompetanse innan digital dokumentasjon av bygg, noko som gjev betre grunnlag for analyse, prosjektering og planlegging av restaureringsarbeid. Denne kompetansen er eit viktig supplement til det tradisjonelle handverket og bidreg til å styrkja kvaliteten i bygningsvernarbeidet.

## Fartøyvern

Hardanger fartøyvernsenter hadde ved utgangen av 2025 sju lærlingar: Fem i trebåtbyggjarfaget, der den eine er knytt til småbåtverkstaden, éin lærling i reipslagerfaget og éin i tømrarfaget. Lærlingordninga er viktig både for å vidareføra kunnskap, og for vidare rekruttering til faga. Generelt er det å bidra til at unge fullfører utdanninga si i lærebedrift ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. Dette året skipa me til teoriundervisning for lærlingar i båtbyggjarfaget. Det vart delt i fire bolkar på ei veke kvar, og det kom lærlingar frå fleire båtbyggjarverkstader rundt i landet til desse samlingane.

Elles er me svært glade for at fagskulestudiet Fartøyvern endeleg er i gang med sitt fyrste kull. Me tek framleis mot elevar som er utplasserte i faget «Yrkesfagleg fordjuping» i vidaregåande skule. I 2025 inngjekk me samarbeid med Kvam vidaregåande skule om opplæring i smiding og herding for elevar i Tekniske Industrielle Fag.

Meir om forvaltning av levande kulturarv ved HFS under kap. 8 Fartøyvern.

## Hardingfela.no

Hardingfela.no har over fleire vore ei av dei viktigaste satsingane til HVM, i samarbeid med utdanningsinstitusjonen Ole Bull Akademiet på Voss. Målet med satsinga er å auka rekrutteringa, få betre opplæring og fokus på hardingfela som instrument, saman med musikk og dans knytt til instrumentet. For å nå dette målet er det utvikla ei rekke prosjekt og tiltak.

Eitt av tiltaka er «Felefylgje», som starta som ein trio med unge utøvarar. Frå 2019 vart dette gjort om til ein serie konsertar, for det meste solokonsertar, med unge folkemusikarar frå regionen. Desse har gått gjennom heile juli månad, fordelt på fem ulike arenaer i HVM. Dei har nådd eit stort publikum med konsertane, som vert godt mottekne. Men ikkje minst er dette svært viktig for dei unge utøvarane. Dei får betalte oppdrag i form av ein føreseieleg sommarjobb, der dei får brukt tid på øving, framføring og konserttrening. Det var til saman 198 konsertar på 20 minutt og 3 konsertar på 30–45 minutt i regi av Felefylgje i 2025.

Vidare har Hardingfela.no gjennomført storkurset «UngOsa» for tiande gong. UngOsa er det største helgekurset i Noreg for born og unge som driv med




Plakatar frå «Felefylgje»-konsertane, der fleire unge felespelarar hadde konsertar i museumstuna i juli. Foto: Elisabeth Emmerhoff

folkemusikk, song og dans. Kurset vert arrangert under Osafestivalen. I 2025 hadde me òg samling for Folkemusikk Fordjuping, og me var vertskap for «FolkleiarUng», eit tilbod som Folkorg og Noregs Ungdomslag driv og som rettar seg mot ungdom som skal bli leiarar i lokale spel- og dansarlag.

I prosjektet «Morgondagens felemakarar» har fire ungdommar bygd eigne hardingfeler gjennom ein femårs-periode under leiing av Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet. Prosjektet vart sluttført i 2025.

I tillegg har me vore inne som førelesarar på Ole Bull Akademiet og hatt konsertar og undervising for skular og barnehagar på Hardanger folkemuseum.

Hardingfela.no har gjennom 2025 jobba mot å ta over drifta av «Folkemusikk fordjuping» for ungdom. Dette er eit talentutviklingsprogram for unge folkemusikarar og dansarar frå heile Vestland. Hardingfela.no har fått 400 000 kroner frå Regionalt kulturfond til å drive prosjektet i 2026. I tillegg ligg det òg midlar til å laga eit nettverk for instruktørar i folkemusikk i regionen.

Hardingfela.no er rådgjevar i to lærebokprosjekt som siktar seg inn på opplæring i hardingfele og toradar.

Hardingfela.no var også i 2025 sekretariat for Vestland fylkeskommune sitt folkemusikkstipend.

Me har òg vore med i arbeidet med folkemusikkscena ved Hardanger folkemuseum saman med avdelingsleiar og folkemusikkarkivar.

Hardingfela.no har delteke på Folkelarm, eit bransjetreff for folkemusikkfeltet i Norden og Europa. Vi har delteke på Dansesporsamlingar i regi av Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans (SFF), og var også representert under SFF sitt representantskapsmøte i 2025.

Me var òg til stades på Landskappleiken i Eidfjord og på Vestland sin kulturkonferanse i Florø. I tillegg har me hatt møte med andre aktørar som driv i same felt som oss. Mellom anna FolkOrg, Rørosmusèet (folkemusikkarkivet), Gudbrandsdalsmusea (Maihaugen og folkemusikkarkivet på Ringebu), Stiftinga Hilmar Alexandersen og Folkemusikk Nord.

# 7. Aktiv samhandling

HVM har samarbeid og samhandling med mange. Sterk lokal tilknyting og forankring på dei stadene HVM har sine formidlingsarenaer er avgjerande for å lukkast med å vera relevante. Kvaliteten på arbeidet vårt er avhengig av godt samarbeid med frivillige og aktiv samhandling med dei profesjonelle fagfelta våre.

Samhandling med andre museum skjer på ulike nivå. Dei formelle nettverka som musea inngår i er viktige møtestader og arenaer for samarbeid. Men i 2025 har samarbeidet med dei andre musea i Vestland kanskje vore mest omfattande, særleg då forskingssamarbeidet med Musea i Sogn og Fjordane og Museum Vest. Dessutan er det verdt å trekka fram utviklingsarbeidet med samlingsforvalting som vert koordinert av Museumssenteret i Hordaland. Musea i









Gjennom prosjektet «Morgondagens felemakarar» har fire ungdommar bygd eigne hardingfeler gjennom ei femårs-periode. Prosjektet vart sluttført i 2025. Foto: Åsmund Kristiansen, HVM.

Hardanger og Voss (Kraftmuseet, Haugesenteret, Folgefonnsenteret og HVM) har òg i 2025 hatt eit samarbeid om ein fellesbillett som gir rabatt ved besøk av fleire museum.

Me har samarbeidd med ulike frivillige og andre, som til dømes kunstgruppa i Agatunet, eigarstyret i Agatunet og på Hardanger folkemuseum, venelaget på Skredhaugen, 4H/bygdekvinnelag/husflidslag på kulturminnedagen samt Haugesenteret i høve diktardagen.

I 2025 har Kabuso samarbeidd aktivt med Vestnorsk Jazzsenter, Kunsthuset Messen i Ålvik, Filmklubben i Kvam, Bergen Assembly, Bergen dansesenter og Foreningen Trykkeriet samt Kiosken Studio om publikumsarrangement og utstillingar. Kabuso huser både Senioruniversitetet og Human-etisk forbund på jamleg basis, og Kulturskulen i Kvam organiserer dei populære konsertane sine og ei utstilling årleg i samarbeid med oss.

Kabuso gjekk i 2025 inn i eit samarbeid med Hardanger kunstlag om forvaltinga av Berlin-leilegheita som kunstnarane i regionen kan søke opphald i.

Samarbeidet med Ole Bull Akademiet om Hardingfela.no er viktig, og fører til eit vidstrakt samarbeid i regionen.

Samhandling med reiseliv skjer mellom anna gjennom Visit Voss og Visit Hardangerfjord. Dessutan vert det samarbeidd med hotell og turistinformasjonskontor. Som eit tiltak for å få turistar til å besøke fleire museum i regionen har me saman med Haugesenteret, Kraftmuseet og Folgefonnsenteret vidareført tilbodet «Sommarpass». Tilbodet gir 50% rabatt på inngangsbilletten om du besøker fleire museum som er med i samarbeidet. Tilbodet har i hovudsak vore marknadsført i musea og med ei landingside på Visit Hardangerfjord. Til trass for minimal marknadsføring har ordninga fått positive tilbakemeldingar frå musea og dei besøkande. Sommarpass-samarbeidet skal etter planen halde fram i 2026.

# 8. Fartøyvern

Som nasjonalt fartøyvernsenter skal HFS utvikla teoretisk og praktisk kunnskap som er naudsynt for å ta vare på, forvalta, tolka, forstå og restaurera historiske fartøy. HFS er viktig samarbeidspartnar med kulturmiljøforvalting, med fartøyeigarar, verft og båtbyggeri og andre aktørar på fartøyvernfeltet. HFS skal i lag med dei andre nasjonale fartøyvernsentra vera eit nav for kunnskap gjennom oppdrag, samarbeid og kunnskapsformidling.

## Restaureringsoppdrag

HVM skal i fylgje eigen strategi gje fartøyvern-interesserte tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk. Me skal sikra og føra vidare handverkskompetanse gjennom oppdragsprosjekt, dokumentasjon, forsking, opplæring av lærlingar, kurs og seminar. Me skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvalting, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar,




Samarbeid om museumsopplevingar i Hardanger og på Voss. Felles nettside på Visit Hardangerfjord sine sider og Sommarpasset dei besøkande får. Foto: Skjermdump Visit Hardangerfjord.

leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern. Me kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte. Me skal vera transparente, føreseielege, arbeida planretta og effektivt.

Hardanger fartøyvernsenter (HFS) skal vera ein nasjonalt leiande institusjon og premissleverandør på fartøyvernfeltet, utvikla kunnskap og levera tenester som er etterspurde, relevante og av høg kvalitet. Dette skal me oppnå m.a. gjennom gode restaureringsprosjekt og høg aktivitet knytt til fagutvikling i fartøyvernet, som ein ettertrakta samarbeidspartner og tilbydar av handverkstenester.

2025 har vore eit travelt og spennande år på fartøyverneininga med små og store oppdrag. Totalt har vi arbeidd på 18 ulike restaureringsprosjekt gjennom året, både her heime og rundt omkring i landet. Eit høgdepunkt dette året var når «Eydebåten», industribyggjaren Sam Eyde sin motorbåt, vart ferdig restaurert og kom heimatt til Møsvatn. Før han forlèt HFS, vart han prøvekøyrd og fekk til alt overmål pris for best restaurerte båt på Hardanger trebåtfestival i Norheimsund. Eit anna stort høgdepunkt var då me fekk Holvikejekta i hus att og sikra henne for vidare utstilling og formidling i det nye museumsbygget på Sandane i Nordfjord.

Restaureringsprosjekta som har kravd mest mannskap i 2025 er «Jøsenfjord», KNM «Hitra», «Markol V» og «Salten».

## Smiing

Smedane våre har dette året laga gjerde både til ein privatperson i Kvam og til vårt eige anlegg i samband med Kulturnaustet, Handverkartunet og gangveg langs bekken. Arbeidet har vore omfattande, og det er ikkje få kilo med stål som er gått med. I smia er det også produsert rorbeslag, stamnbeslag og andre deler til både galeasen «Søblomsten» og hvalerskøyta «Arnt Otto». Det har vore laga økser og anna verktøy, mellom anna til studentane ved NTNU og fagskulestudentane. Handrekka til trappa i Kulturnaustet er laga i smia og er eit aldri så lite kunstverk.

## Reipslaging

Me har i 2025 levert 1200 meter 28 millimeter tjøra hampetau til Alta museum, Verdsarvsenter for bergkunst til bruk i publikumsløypa for å unngå plasttau. På grunn av lengd og tjukn, vart desse taua produserte ved Brunsviken reiparbane i Kristiansund.

Reipslagarane har elles arbeidd vidare med wire til ståande rigg til galeasen «Søblomsten» som skal riggast våren 2026.

## Småbåtverkstaden

I småbåtverkstaden har me bygd to nye båtar og restaurert tre, i året som gjekk. Dei nye båtane er ein Hardangerfæring, som er ein del av salsutstillinga vår, og ein Hardangerseksæring tinga av Ås Kystlag. Elles har vi gjort ei større restaurering av ein notbåt som vart nytta til notfiske i Solund. Me har òg restaurert to spegelbåtar av Strandebarmstype. Elles har me rigga ein sunnfjordåttæring og gjort nokre tilstandsvurderingar på tre færingar og ein klinkbygd motorkuttar. Materiallageret vårt er bygd om siste året, og me har hatt tre økter med skogsarbeid der me har teke ut kjølemne, innved av








Restaurering av Jøssenfjord. Foto: Silje Ensby, HFS

røter og hogd halsar til tre båtar.

Maritimt verktøyseminar hadde tema «verktøy for dekor i fartøy og båtar». «Forma i tre», som er eitt av dei tre opplegga i den kulturelle skulesekken, har vore skipa til på tradisjonelt vis. Me har hatt ei undervisningsøkt om høvel for fagskulen

Prosjektet «Dokumentasjon av Hardangerbåtar» er avslutta. I samband med dette har vi gjennomført eit seminar om «materialanalyse i 1800-tals Hardangerbåtar» og dokumentert farge og dekor på båtar frå same periode. Begge prosjekta har munna ut i rapportar. I samband med dette prosjektet har båtbyggjaren delteke i seminar om samisk båtarv i Oslo/Drøbak. Me har også delteke på ei samling i Langesund om kystkultur og handverk. Her viste me fram ein nybygd strandebarmar, demonstrerte handverk og heldt foredrag om dokumentasjon av Hardangerbåtar. Vidare har me halde foredrag om kyrkjebåtkulturen i Hardanger for Norheimsund kyrkjelyd-formiddagstreff og vore sensor for stipendiat Hallvard Heide, som har gjennomførd sitt treårige næming-prosjekt med fokus på bygging av nordmørsk torskegarnsbåt. Roturen «Kvamsøy rundt» vart i år gjennomførd i lag med «Den store roen» under trebåtfestivalen. 17 båtar deltok i arrangementet og me følgde opp med kyrkjereis til Vikøy kyrkje på sundagen.

## Fellestenester

Fellestenester er i utgangspunktet oppgåver HFS har som nasjonalt fartøyvernsenter, som ikkje dreier seg direkte om restaureringsoppdrag. Det strekkjer seg frå rådgjeving til heile miljøet, til omfattande dokumentasjons- og fagutviklingsprosjekt. Det meste av denne aktiviteten skjer i ei eller annan form for samarbeid med andre aktørar.

Fellestenester er delt i to: Kjerneaktivitet og fagutviklingsprosjekt. På grunn av at ein fartøyvernkonsulent var i permisjon fram til august, var det lågare produksjon på kjerneaktivitet i 2025 enn året før. Når det gjeld grunnlagsdokumentasjon, vart det levert seks tilstandsvurderingar, tre teknisk-historiske dokumentasjonsrapportar, fire restaureringsplanar, fem sluttrapportar i tillegg til nokre undersøkingar. Det vart levert 2600 timar dokumentasjon til forvaltninga, og av dette var 1900 timar grunnlagsdokumentasjon til fartøy. I alt vart det levert 5990 timar kjerneaktivitet til Riksantikvaren.

HFS har fått tilslag på etter måten mange fagutviklingsprosjekt og har hatt mange gåande parallelt. Dei to største er Riggprosjektet og Vidareutdanning for handverkararar i fartøyvernet. Elles har det vore fleire under arbeid i året som gjekk: Trearbeid på stålbåt, Dokumentasjon av hardangerbåtar, Klinkbygging på modellspant og Videodokumentasjon av handverksteknikkar. I alt var det gjort arbeid med fagutviklingsprosjekt for 1,2 millionar kroner i 2025.

Det vert lagt merke til at me leverer solide resultat både når det gjeld kjerneaktiviteten og i dei ulike prosjekta. Det at me er aktive i å skaffa fram ny kunnskap på fagfelta er viktig for å bygga opp fagfeltet og den samla kunnskapen. Dessutan er arbeidet med på å styrkja posisjonen som eit leiande kompetansesenter i fartøyvernet.

## Fagskule fartøyvern

Etter mange års planlegging, tok det fyrste kullet



Holevikjekta på plass i nytt museum. HFS hjalp til med flyttinga ut av det gamle lokal og inn i det nye. Foto: Åsmund Krisitansen, HVM.

med tolv studentar til ved det nystarta tilbodet «Fagskule fartøyvern». HFS er læringsarena og leiger ut både byggeplass og lærekrefter til Fagskulen Vestland. Studiet er delt i Fartøyvern 1 og Fartøyvern 2 med 30 studiepoeng i kvar modul. Det er seks vekessamlingar i kvar modul og 50 prosent progresjon. Det vert opptak til studiet annakvart år, slik at eitt kull gjer seg ferdig med 60 studiepoeng før eit nytt tek til. I tillegg til å leiga ut lærekrefter, har me sjølve fire studentar ved studiet, m.a. for å byggja formell kompetanse i organisasjonen med tanke på vidare drift av studietilbodet.

## Bygningsvernoppdrag

HFS har òg i 2025 hatt høg aktivitet innan bygningsvern, både gjennom større restaureringsprosjekt og som viktig læringsarena for utdanningane i bygningsvern ved Fagskulen Vestland og NTNU. Året har vore prega av fleire omfattande og fagleg krevjande oppdrag som har bidrege til vidareutvikling av både kompetanse og kapasitet innan fagmiljøet.

Eitt av dei største prosjekta i år var restaureringsarbeida på Strandebarm kyrkje. Prosjektet har vore både lærerikt og fagleg spanande, med komplekse problemstillingar knytt til antikvariske omsyn, materialbruk og utføring. Arbeidet har gjeve verdifulle erfaringar som styrkjer HFS si rolle som utførande aktør innan kyrkjerestaurering.

Parallelt har ferdigstillinga av Handverkartunet og leveransar til Kulturnaustet vore sentrale oppgåver gjennom året. Desse prosjekta har bidrege til å styrkja infrastrukturen for formidling, handverksaktivitet og vidare bruk av anlegga. I tillegg er det gjennomført restaurering av vindauge på møbelverksteden ved Kvam bygdemuseum, Storeteigen, eit arbeid som har hatt fokus på bevaring av originalt materiale og tradisjonelle teknikkar.

HFS-bygningsvern har òg restaurert døra til Moster gamle kyrkje etter skadar forårsaka av uvêr. Moster gamle kyrkje er ei freda mellomalderkyrkje av høg nasjonal kulturminneverdi, og HFS set stor pris på den tilliten Fortidsminneforeninga, som eigar av kyrkja, viser ved å nytta vår faglege kompetanse til slike oppdrag. Restaureringa er gjennomført med stor respekt for den historiske og antikvariske verdien til bygget.

I samband med eit mellomalderseminar er det videre sett opp stillas rundt Finnesloftet på Voss, der det samstundes er utført mindre, men viktig restaureringsarbeid.

Et særleg positivt trekk ved 2025 er at HFS har kunna styrka bemanninga innan bygningsvern ved å tilsetja to nye tømrarar. Dette gjev auka kapasitet og betre føresetnader for å møte framtidige oppdrag, samstundes som det bidreg til å sikre vidareføring av handverkskompetanse innan tradisjonelt bygningsvern.







Strandebarm kyrkje har fått lagt om skifertaket og ny kopartekking på tårnet. Foto: Alexander Günther, HFS.

# 9. Berekraftig utvikling

Målet er at HVM gjennom eiga drift, fagleg arbeid og formidling, skal bidra til miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig utvikling. Klima- og miljø er særleg prioriterte område.

Når det gjeld miljøfeltet er det særleg bruk av energi, transport og reiser som bidreg til HVM sitt «fotavtrykk». Utslepp me arbeider for å redusere er særleg innan transport og energi.

Ved Voss folkemuseum vart det gjennomført ENØK-tiltak i 2024. Konsulentselskapet som utførte energiberekning og kom med tilrådingar om tiltak, berekna energibehovet i samlingsbygget til 252 000 kWh pr år (målt energiforbruk i 2022 var 273 000 kWh). I 2025 var forbruket av straum 152 000 kWh, noko som gir 88,8 kWh/m2/år. Dette ser me på som eit godt resultat. Det viktigaste tiltaket for reduksjon av energiforbruk er energibrønnar med tilhøyrande væske-vatn varmepumpe. Effekten til varmepumpa er 28 kW.

I Kabuso er det meste av lysa no skifta ut med LED, og i 2025 kjøpte og installerte me ei fukt- og temperatureining for flygelet, noko som minskar behovet for å halde heile konsertsalen tilstrekkeleg varm. Me ryddar no i både det digitale og det analoge lageret vårt, noko som gjer ting lettare tilgjengeleg og meir oversiktleg.

Det nye publikumsbygget ved fartøyvernsenteret er bygd med høg kvalitet og tanke på låge utslepp. Svært mykje treverk er brukt. Det er bora fem energibrønnar på totalt 2383 meter, med varmepumpe væske-vatn. Effekten til varmepumpa er 56 kW. På taket er det solcelleanlegg med ein potensiell produksjon på 61 000 kWh pr. år. Ut frå erfaring med eit anna solcelleanlegg stipulerer me ein produksjon på 40–50 000 kWh pr. år. Ut frå forbruket så langt er stipulert behov for tilført energi under 60 kWh/m2/år. Til samanlikning reknar Vestland fylkeskommune med at nye skulebygg skal ha eit forbruk på 80 kWh/m2/år (med varmepumpe og solcelleanlegg).

Levekår for fisk, insekt og anna liv i bekken som renn gjennom fartøyvernsenteret er betra. Her gyter sjøaure, som er truga i Hardangerfjorden.

HVM sine avdelingar har eigne Miljøfyrtårnsertifikat: Hardanger folkemuseum, Voss folkemuseum, Kunsthuset Kabuso og Hardanger fartøyvernsenter.

# 10. Likestilling, mangfald, deltaking

HVM fremjer mangfald og inkludering gjennom fysisk tilrettelegging, program, kommunikasjon og kompetanseheving. Tiltak er m.a. gratisarrangement, fleksibel prising og relevante opningstider. HVM tilbyr opne møteplassar og samarbeider med andre om arrangement. Det gir nye grupper forankring og eigarskap i HVM.

Fagleg tilrettelegging og kommunikasjon omkring kunstutstillingar har som mål å senka terskelen for å oppleva samtidskunst.



Ny dør til Moster kyrkje.
Foto: Silje Ensby, HFS.





Representantar frå Sunnaas stiftelsen var veldig nøgde med tilgjengelege utstillingar på Voss folkemuseum. Foto: Åsmund Aarsand, Visit Voss

Kompetanseutvikling blant tilsette og styrking av fagmiljøa har vore ei satsing over fleire år.

Nettstaden til HVM er delvis i samsvar med krav til universell utforming. Det er brot på 8 av 48 krav.

I 2024 gjennomførte me eit stort ENØK-tiltak ved Voss folkemuseum. Me skifta mellom anna alle vindauge og dører i første høgda av samlingsbygget, og i hovudinngangen la me om til automatiske dører. Det har gjort det lettare for alle å koma inn, og også når me lagar utstillingar har me universell utforming i tankane. I november fekk me besøk frå Sunnaas-stiftelsen, som kom til museet for å vurdera kor tilgjengelege me er for folk med funksjonsutfordringar. Tilbakemeldinga me fekk var strålande – Gunhild Bottolfsen frå Sunnaas sa til avisa Hordaland at Voss folkemuseum «moglegvis er det museet ho har besøkt, som har vore mest tilrettelagt. Mange museum har mellom anna høge montrar, som gjer at ein må strekkja halsen for å kikka. Men her på Voss var alle i perfekt høgde, og det har eg aldri sett før».

To rådgjevarar knytt til KS vitja Kulturnaustet kort tid etter opning for å sjå kva løysingar som var nytta i høve universell utforming både i Kulturnaustet og anlegget elles. Konklusjonen var at me hadde gode løysingar. Dei peikte på at akustikken i resepsjonen og kafeen er god, og at det er romleg tilkomst både der og i utstillinga. Oppmerkinga var god, og dei meinte det var intuitivt kor ein skulle venda seg innafor hovudinngangen. Dei kommenterte bruk av ulike skrifttypar, skilt, kontrastar, symbol m.m. Det var nyttig å få desse innspela før alt var ferdig.

I desember gjennomførte Voss folkemuseum som vanleg formidlingsopplegget «Jol i gamle dagar» for dei elevane ved Voss ungdomsskule som ikkje ynskte å vera med på skulegudstenesta.

Konsertsalen i Kabuso er utstyrt med lydforsterkande utstyr som teleslynge. Utstillingane vert utforma med tanke på tilgjenge for rørslehemma, ulike høgder og synsvekka. Me arbeider for å gjere formidlingstekstar så tilgjengelege som fagleg forsvarleg. Dette gjeld også den fysiske utforminga, t.d. blir fontstørrelse i publikumsmateriale sett mot svaksynte sine behov.

«Båtbasen» er eit samarbeid mellom Ungdomsklubben «Basen» i Norheimsund og Hardanger fartøyvernsenter. Heile ungdomsklubben flytta inn her frå påske til haustferien, avbrote av sommarferien, og skapte liv og røre i tunet kvar onsdag. Her har dei fått ta seg av Gavlabåten i lag med ulike fagfolk, alt etter kva type reparasjonar og vedlikehald som har stått på planen. Det har vore eit svært kjekt samarbeid der 15–20 ungdomar frå 13 til 18 år har funne seg godt til rette og fått eit eigarskap til plassen. «Båtbasen» vart avslutta hausten 2025 etter ein prosjektperiode på to år.

Kvam herad si satsing «Ung fritid» er eit tilbod til alle, men særleg dei som ikkje har høve til å reisa vekk på ferie. I prosjektet "Ferieopplevingar på Mathilde» har me i samarbeid med «Ung fritid» fått midlar frå Bufdir til å tilby segltur ar med Mathilde i sommar- og haustferien. I 2025 hadde me tre dagsturar i sommarferien med totalt 96 born og 29 vaksne deltakarar. Det vart også arrangert to overnattingsturar (éin på sommaren og éin på hausten) for litt eldre ungdommar. Samla var det 30 ungdommar fordelt på desse to turane.

Me har lenge hatt eit godt samarbeid med Hordaland friomsorgskontor, og hadde våren 2025 ein domfelt her i tre veker. Han vart sett til ymse førefallande arbeid på bruket i tillegg til arbeid med å pussa vindaugsrammer som var inne til restaurering.

Me har hatt kontakt med NAV for å sjå på moglegheita for at kaféen vår kan fungera som ein arena for arbeidstrening og språkopplæring. Førebels har det ikkje kome noko konkret ut av dette. Ei utfordring er tidsbruken til oppfølging frå vår side.

Sumaren 2025 tok HFS imot ein ungdom frå barnevernet som arbeidde to dagar i veka, fire timar kvar dag. Han arbeidde hovudsakleg i kaféen, men utførte også anna førefallande arbeid på senteret.

HFS har òg i år tatt imot ungdomsskuleelevar frå Kvam i samband med alternativ opplæringsarena. Der har dei fått vera med handverkarar og fått moglegheit til å få innblikk i handverk som båtbygging og smiing. Hovudfokuset har vore i smia, der det i periodar har vore to elevar inne. Diverre har aktiviteten i haust vorte ein del lågare i og med at Kvam herad har ein meir utfordrande økonomisk situasjon enn tidlegare år.

I august kom det to frivillige (volontørar) frå Eastpackers og Det europeiske solidaritetskorpset til Hardanger Fartøyvernsenter: Lotte frå Nederland og Lukas frå Aruba. Begge bur inne på anlegget (Vetlahuset) gjennom vinteren. Som volontørar arbeider dei på tvers av dei ulike avdelingane på HFS. Ein viktig del av tenesta deira er å delta som mannskap på «Mathilde» om hausten og våren. Elles har dei arbeidd på reperbana, i kaféen og elles bidrege med svært varierte oppgåver. To dagar i veka får dei undervising i norsk av Torstein Århus. I haust var dei også med reipslagarane på ein to veker lang tur til Kristiansund, og dei har delteke på ei nasjonal samling for volontørar i Noreg.

I september vart Bufdir sin ungdomskonferanse arrangert i Kvam, med dei fleste aktivitetane lagde til hotellet i Øystese. HFS bidrog til arrangementet med fleire aktivitetar, mellom anna «urettvis tautrekking», reipslaging på minireiparbane og knuteverkstad. Det opplevast som meiningsfylt å vera til stades på slike arrangement som samlar ungdom frå heile landet.

## 11. Organisasjon

I fylgje eigen strategi skal HVM vera ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, rausheit og vilje til fornying. Me skal vera ein fagleg sterk organisasjon. Me skal samarbeida med brukarane våre og leggja til rette for frivillig innsats.

I 2025 vart det sett i gang overgang til nytt økonomi-system. Det er ein omfattande prosess som held fram i 2026.

